

1914 **STORD** 2014

årsmelding rekneskap



Kongens fortjenestemedalje, tildelt Lars Mugaas. Foto: Henrik Mundal Andreassen

Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Hagland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkelsen	2012–

årsmelding rekneskap 2014



ÅRSMELDING 2014

Dagsorden årsmøte den 15. april 2015.

1. Opning.
2. Val av ordstyrer og møterreferentar.
3. Valg av to representantar til underskrift av protokoll.
4. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
5. Årsmelding frå hovedstyret.
6. 1. Årsmelding frå gruppene.
6. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
7. Godkjenning av årsregnskap frå hovedstyret og gruppene.
8. Innkomne forslag.
9. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2015.
10. Fastsette kontingent for 2015.
11. Godkjenning av gruppestyra.
12. Valgkomiteen si innstilling.
13. Heidersmerker.
14. Avslutning.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

1. STYRET 2014.

Leiar:	Magne Jostein Mikkelsen
Nestleiar:	Alf Martin Wikdahl
Unge Aktive:	Marte Johanne Tangedal Mehus
Styremedlemmar:	Arve Havnerås
	Anne Berit T. Sjø
	Marianne Hatlevik

Styret har hatt 6 styremøter i perioden.

I samband med alle styremøta har gruppeformennene vore inviterte til eit utvida styremøte i etterkant av hovedstyremøte. Dette tiltaket har fungert godt og frammøte frå dei ulike gruppene har vore svært bra.

Det er også avhalde ei rekkje særmøter med leiarar for fleire av gruppene.

Formann i Hovedlaget har hatt mange møter med Stord Idrettspark og Stord Kommune for å betra dei daglege vilkåra for laga våre.

Det er også i gong ein prosess for å sjå på korleis ein skal organisera drifta av Vikahaugane Idrettspark vidare .Ei eiga arbeidsgruppe i laget er oppretta. Denne vert leia av formannen i laget.

Stord Kommune, i eit tett samarbeid med Stord Idrettspark og Stord Idrettslag, har utført betydeleg rehabilitering på anlegget. I Nyehallen er det lagt nytt golv, garderobar er renovert og hallen er malt. Nye nettvegger er også på plass .I turnkassen er gropa totalrenovert og Stord Idrettslag har kjøpt nytt turnutstyr for om lag 450 000.-. Største investeringa er nytt frittstående golv.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Handball Elite, Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Svømming er sjølvstendige klubbar i alliansen fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

For historia blir årsmeldingane for allianseidrettslaga inkludert i denne årsmelding under seksjon 6 B. Årsmeldinga under denne seksjonen vert handsama som ei orienteringssak.

2. MEDLEMSTALL OG HOVEDOPPGAVER.

Hovedstyret har også i år jobba med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag, og arbeidet vil fortsetta for fullt i 2015. Innkrevjing av medlemskontingent er i 2014 sett ut til Pacta. Dette har fungert bra, men for 2015 satsar me på å greie dette sjølv.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaa har Stord allianseidrettslag no 2314 medlemmer pr. 31.12.14, av desse er det 805 jenter og 759 gutar mellom 3 og 19 år. (2012: 804 og 852). Dette er ein nedgang i medlemmer som har si årsak i at me no har fått orden på medlemsmassen. Ein del aktive har vore registrert i fleire grupper.

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Hovedstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag, for å gi fleire born og unge eit tilbod.

Dette gjeld spesielt i aldersgruppa frå 13 år, der fråfallet av aktive er stort.

3. 100-ÅRS JUBILEUM

2014 vart eit flott jubileumsår. Fleire ulike komitear hadde gjort eit flott planleggingsarbeid og me vil her nytta høvet til å gje alle involverte ei stor takk.

Det heile starta 17. januar med eit storslått arrangement på skeisebanen for dei yngste i laget. Me var heldige med veret og det vart reint magisk då me gjennskapte OL på Lillehammer med vår eigen skeisehelt Kjell Storelid saman med rundt 1000 medlemmer. Saman med ein av våre gode samarbeidspartnarar SKL hadde me invitert Ådne Søndrål til fagseminar på dagtid og han deltok også på kveldsarrangementet på isen om kvelden.

30.mars 2014 var det 100 år sidan Stord Idrettslag vart skipa. Kvelden før hadde me jubileumsfesten på Stord Hotel med om lag 100 gjester. Her feira me oss sjølv saman med krets kommune og naboklubbar. Flotte talar og mykje skryt til ein aktiv og oppegående hundreåring. Til denne markeringa var også jubileumsskriftet ferdig. Dette vart eit flott hefte på 126 sider som gjev eit godt bilde av idrettslaget frå starten i 1914 og fram til i dag. Takk til alle som har vore med og fått dette til, og ei særleg takk til Lars Mugaas som har vore redaktør.

Me hadde som mål å markera jubileumsåret med ei rekkje store idrettsarrangement, men det er mange om beinet så me må seia oss godt nøgde med to NM- arrangement.

Det første var NM i terrengløp. Friidrettsgruppa gjennomførte eit flott arrangement i området rundt golfbanen første helga i april.

Midt i september var det turngruppa som stod som arrangør av NM for damer og herrar i turn. Arrangementet gjekk føre seg i Nyehallen. Mykje gode tilbakemeldingar frå aktive og forbund. "Best ever".

I eit godt samarbeid med Mediehuset Sunnhordland presenterte me alle idrettsgruppene våre gjennom jubileumsåret. Her fekk kvar gruppe ein månad der det kvar onsdag var ei til to sider om denne gruppa. Lesarane stemte på kandidatar som var nominert til århudrets idrettsutøvar i kvar idrett. Dette gav stort engasjement og sette ekstra fokus på dei ulike idrettsgruppene våre.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Jubileumsåret vart avslutta saman med juleoppvisninga til turngruppa i desember. Dette vart eit minnerikt og flott arrangement.

Her vart århundrets idrettshelt kåra mellom dei ti kandidatane som vann i sin idrett. Dei ti var:

Bjørn Are Njøs	fotball
Bjørn Lindgård	håndball elite
Arne Steinsvåg	håndball bredde
Kjell Storelid	skeiser
Øyvinn Beger	friidrett
Magne Klemetsen	svømming
Arild Åsheim	orientering
Lars Mugaas	turn
Lorentz Kannelønning	volleyball
Øystein Eide Eskeland	ski

Lesarane kåra Kjell Storelid til århundres idrettshelt.

Det var likevel ei enda større hending som fann stad denne kvelden i idrettshallen.

Lars Mugaas vart tildelt Kongens fortjeneste medalje .Ordførar Liv Kari Eskeland overrakk medaljen på vegne av Kongen, til ståande applaus frå over tusen frammøtte i hallen.Vel fortjent Lars!!!

4. HØGDEPUNKT

Denne delen er delt i to avsnitt, der siste delen omhandlar allianseidrettslaga.

Handball

Handballgruppa har, etter at elitesatsinga vart skilt ut som **eige** lag i allianse, hatt ansvaret for alle under 16 år på herresida, samt alle på damesida.

I serien er det påmeldt 57 lag. Dette er ein auke på 5 lag frå i fjor.

Damelaget endte på en 5. plass i serien 2013/2014.

I sesongen 2014/2015 har laget gjort det godt og med ei god avslutting i 2015 kan laget kjempa om ein topp-tre plassering.

Me har med eit jentelag i den nasjonale Bring-serien for 16-åringar.

Handballfestivalen vart arrangert for 25. gong. Det vart marknadsført som eitt av 100 års jubileumsarrangenta. Me fekk rekorddeltaking med 362 lag og om lag 3500 deltakarar.

Arrangementet gjekk som vanleg knirkefritt under leiing av «team-Kjartan».

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Friidrett

Friidrettsgruppa har også i 2014 markert seg positivt i Stord Idrettslag med ei rekkje medaljar å sjå tilbake på nasjonalt, og gode resultat internasjonalt.

NM i terrengløp i april på Golfbanen vart eit flott arrangement, med gode resultat av våre egne.

I senior-NM tok Tom Erling Kårbø gull på 3000m hinder og Harald Kårbø vant bronse på same distansen. I junior-NM tok sistnemnte også gull på 3000m hinder, Lars Jonassen Føyen gull på 5000, bronse til Sondre Egeli Øvrebø i diskos og Lars Lunde tok bronse på 3000m hinder.

I aldersbestemte klassar har utøvarar frå Stord markert seg svært godt både i krets- og nasjonal samanheng.

Stordløpet vart arrangert for 37.gong i september 2014 med godt oppmøte. Bru og halvmaratonløpet har også ei fin stigning i deltakarar. Stordleikane hadde i 2014 noko mindre deltaking grunna arrangementskollisjon med andre nasjonale stemner.

Turn

Gruppa har ein liten nedgang i medlemstal, særleg blant dei yngste, men det er ikkje dramatisk.

Konkurransgruppa på 15 ungdommar har delteke på fleire stevner nasjonalt og regionalt, deriblant NM Junior og Norges Cup.

Høgdepunktet vart NM arrangementet i september for herrer og damer senior. Eit flott gjennomført arrangement av ein dyktig stab i turngruppa.

Ski

Skigruppa arrangerte eitt barneskirenn med om lag 25 born og eitt rankingrenn i 2014.

Det er gjennomført fem rulleskirenn i Prestegardsskogen. I mai vart nyvinninga "Stord opp" gjennomført for fyrste gong.

Gruppa sine medlemmar har også i år delteke i Birkebeinerrennet, og ei rekkje nasjonale og lokale renn. Magne Løvtangen deltok i VM for Masters i Austerrike, der han hevda seg godt.

Den nye løypemaskinen er i full drift, noko som gir ein svært god kvalitet på løypene. På Øvre Heio er det i 2014 ferdigstillt enda ein ny trase. All løypekjøring føregår på dugnad, til fri bruk for ålmenta.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Skeiser

Skeisegruppa markerar seg godt i det norske skeisemiljøet, med mange utøvarar i stemner og gode sportslege resultat. Samanliknar ein personlege rekordar pr. 01.01.14 og 01.01.15 viser dette svært stor framgang for fleire løparar, særskilt mellom dei yngre er det mange lovande løparar.

I elitegruppa har Magne Notland og Espen Brask Nordfonn flytta til Calgary i Canada og satsar fullt på skeiser. Dette har så langt gitt fantastiske resultat. Terje Almås, Magnus Brask Nordfonn, Jon Greger Notland og Kristian Aas viser stadig framgang og deltek på nasjonale stemner.

Mellom veteranane er det mange flotte resultat, der særleg Onar Westerheim, Harald Westerheim og Jan Henriksen deltok både i inn og utland. Onar Westerheim tok sølv i M65 i VM- sprint Astana.

Volleyball

Damelaget enda midt på tabellen i 2. divisjon i sesongen 2013/2014. I sesongen 2014/15 låg laget på 6. plass ved årsskiftet. Herrelaget starta opp att sesongen 2013/14 og greidde seg godt, men takka nei til opprykk til 2 div. grunna usikker spelestall. I sesongen 2014/15 leiar dei 3 div.og satsar no på opprykk, med ein god spelarstall.

Blant dei yngste viser gruppa flott framgang og fleire av laga på jente- og gutesida hevdar seg svært godt. Ei ny og spanande satsing i gruppa er minivolleyball for jenter i alderen 8-11 år. Av arrangement må nemnast HobbyVolleyballturneringa som vert arrangert kvar vår og haust.

ALLIANSELAGA.

Fotball

Stord Fotball sitt herrelag rykkte ned til 3. divisjon etter ein spanande haustsesong. Det vert satsa på opprykk til 2. divisjon snarast. I NM tapte me i 2.runde mot Brann på Stord Stadion, likevel ein flott kamp med over 2000 tilskodarar.

På damesida har me har me to damelag i 4. div. i to ulike puljar. Stord damer 1 greidde nesten opprykk.

Det har vore jobba godt og målretta i ungdomsavdelinga og barnefotballgruppa. I 2014 har Stord Fotball delteke med 50 lag i serien og tel 640 medlemmar. Dette gjer klubben til ein av dei største i Hordaland.



Orientering

Me registrerer med glede god deltaking på lokalløp og turorientering.

Sportsleg har allianselaget hevda seg svært godt i fleire meisterskap også i år.

Av større arrangement i regi av Stord Orientering kan Kristtornløpet, nemnast. I august arrangerte me Vestlansmeisterskap, med start frå Fjellstova.

Svømming

Stord Svømming har hatt eit aktivt år i 2014 og deltatt i Junior NM, UM 2014, Bergen Swim Festival, Stavanger Open og Nordsjøstemnet for å nevna nokre.

Det har vore satsa godt på svømmeopplæring, der " Svømmeaksjonen 2014" gav opplæring til 30 barn frå barnehagar og 15 frå Heiane Mottak.

"Tryggivann 2014" samla 60 barn til svømmeopplæring.

Handball Elite

Stord Handball Elite har ansvaret for Elitelaget, eit 2.divisjonslag og Gutar 18.

Herrer Elite enda på 7. plass i serien. Ved utgangen av året ser det ut for at laget endar på liknande plass sesongen 14/15.

Inge Aas Eriksen har representert Stord på Seniorlandslaget og Morten Christensen representerer fast på aldersbestemte landslag.

Alle grupper og allianselag:

Det er all grunn til å gleda seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidrett. Det er her me skapar bredda som gjer at me seinare kan utvikla toppar i dei enkelte idrettane.

Likevel skal hovudregelen i arbeidet vårt vera:

å skapa ei meningsfylt fritid for alle på alle nivå.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

5. ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyringa, og alle gjekk med overskot i 2014. Hovedlaget sitt isolerte rekneskap viser eit underskot. Dette har si årsak i Jubileumsaktivitetar der inntektene vart ført i 2013.

Styret i Hovedlaget legg fram året sitt regnskap som viser eit driftsresultat for 2014 med eit overskot på

Kr.59 083,-

Total omsetning utgjer Kr. **7.382.215,-**

Desse tala omfattar ikkje dei fire gruppene som er gått ut som sjølvstendige idrettslag i alliansen.

Hovedlaget har, etter at Stord Kommune vedtok å gi muligheiter for lån i kraftfondet, tatt opp lån til mellomfinansiering av fleire prosjekt. Restlån som står att er følgjande:

Kunstgras Hystad	Kr. 458.000
Løypemaskin Skigruppa	Kr. 300.000

Når det gjeld Hystadbanen skal lånet innfriast mot spelemidlar. Me håpar dette vil skje i 2015.

Stord Kommune vedtok i budsjettet for 2015 å ettergi lånet til løypemaskinen på kr 300 000.-

Styret i Hovedlaget vil understreka at alle regnskap er ført i samsvar med god rekneskapskikk i et nært samarbeide med laget sin revisor, KPMG.

Budsjettdisiplin og styring, med fokus på auka inntekter, vil bli sentrale tema i tida som kjem. Interne rutinar i rekneskapsføring er i 2014 vorte mykje betre. Dette skuldast i hovudsak tett oppfølging av hovudlaget sin rekneskapsfører Inge Bjelland, og KPMG.

6. SAMFUNNSREKNESKAP

Styret i Hovedlaget utarbeida i 2003 for fyrste gang eit samfunnsregnskap for å synleggjera den innsatsen som idretten bidrar med i samband med å skapa ei meningsfylt fritid og gode opplevingar for born og ungdom.

Styret har fortsett dette arbeidet sidan oppstartinga, og den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og ikkje minst dugnadsarbeidande medlemmar utgjer ein formidabel verdi i overkant av **70 Mill kr.**

Styret har ved ei rekke anledningar presentert denne innsatsen overfor både politikarar, presse og sentrale delar av Norges Idrettsforbund, utan at dette tilsynelatande resulterer i anna enn eit klapp på skuldra.

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Ei slik haldning til arbeidet som vert lagt ned for å skapa aktivitet for born og unge, er lite tilfredsstillande. Det blir ei utfordring for laget korleis ein i framtida skal profilera innsatsen vår, slik at idretten får sin rettmessige del til det viktige arbeidet som vert gjort.

Det er også ein kjensgjerning at me i framtida må rekna med å betala stadig større egenandelar for å få til anleggsmessige investeringar; noko som gjer dette biletet endå meir krevjande for oss.

Det blir ei særskild viktig oppgåve for både hovedstyret og gruppestyra, i eit samarbeid med Idrettsrådet, å få fram verdiskapinga me står for.

Me skal delta i utviklinga slik at me skaper eit levedyktig samfunn med gode oppvekstvilkår, og ei meningsfylt fritid for oss alle.

Styret i Hovedlaget vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg.

7. ANLEGGsutvikling

Hystadbanen er opprinneleg planlagt renoverert med nytt dekke i 2014, men det er ikkje sett av midlar til dette i kommunebudsjettet før i 2016 . Gledelig er det å konstatere at det ligg inne midlar for å få nytt dekke på kunstgrasbanen på Vikahaugane i 2015.

I langtidsbudsjettet for Stord Kommune er det sett av betydelige midlar til renovering av Stord Idrettspark. Hovedstyret med styreleiar i spissen har teke aktivt del i planlegginga og gjennomføringa av dette arbeidet. I 2014 er det kome nytt golv i Nyehallen, oppgradering av garderobar, nye nettskillevegger, renoverert tribuna , nytt frittstående golv og utstyr i turnkassen. Også for 2015 er det planlagt ein del, mellom anna renovering av garderobar i Gamlehallen.

Fotballgruppa har gjort ein fantastisk jobb med å få på plass nytt garderobebygg både på Vikahaugane og ved Langlandsbanen.

Skigruppa har ferdigstilt ei flott rundløype på Øvre Heio i 2014.

8. HEIMESIDER

Hovedstyret har i samarbeid med AREGO utvikla nye internettsider for Stord Idrettslag. Desse er no oppe og går, og ser svært bra ut. Utfordringa vert å oppdatera sidene slik at medlemmer og andre får informasjon om kva som skjer i laget.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

9. TILLITSVALDE

Stord Idrettslag, på same måte som andre lag som driv friviljug arbeid, har ei utfordring i å rekruttera tillitsvalde til dei einskilde funksjonane i gruppene og i hovedlaget.

Det er eit sterkt ynskje å få fleire unge til å delta aktivt i styrearbeid og friidrettsgruppa er allereie i gong med dette arbeidet. Gruppa har i dag eit eige ungdomsstyre som skal ivareta dei yngste medlemmane sine interesser i gruppa. Hovedstyret oppmodar dei andre gruppene i laget til å prioritera etablering av slike ungdomsstyrer.

10. ARBEIDSMILJØ

Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet blant dei tilsette i gruppene er godt. Det er likevel i periodar svært høg aktivitet, noko som kan føra til utfordrande belastningar for dei tilsette.

11. YTRE MILJØ

Hovedlaget sitt styre er ikkje kjend med at laget, i si verksemd, påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Ingen av laget sine aktivitetar fører til utslepp til jord eller luft. Hovedlaget vil likevel arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel til og frå trening og kampar.

Stord, 24.mars 2015

Magne J. Mikkelsen

Alf Martin Wikdahl

Arve Havnerås

Marianne Hatlevik

Marte Johanne Tangedal Mehus

Anne Berit T. Sjø



Sak 6.1	Årsmelding fra gruppene.
Sak 6.1.1	Håndballgruppa
Sak 6.1.2	Friidrettsgruppa
Sak 6.1.3	Turngruppa
Sak 6.1.5	Skigruppa
Sak 6.1.6	Skeisegruppa
Sak 6.1.7	Volleyballgruppa
Sak 6.1.9	Idrettsmerket
Sak 6.2	Årsmelding fra allianseidrettslag.
Sak 6.2.1	Stord Fotball
Sak 6.2.2	Stord Orientering
Sak 6.2.3	Stord Svømming
Sak 6.2.4	Stord Handball Elite

ÅRSMELDING FRÅ HANDBALLGRUPPA



Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2014

Styret 2014

- Leiar: Asbjørn Tverdal
- Økonomi: Aud Litlabø
- Sport dame: Marianne Størkson
- Sport ungdom: Rune K. Pedersen
- Styremedlem: Einar Balle
- Styremedlem: Runar Øvrebø
- Styremedlem: Aksel Sæther

Styret har hatt jamnlege styremøter i heile perioden.

Samarbeidsutval mellom Stord Handball og Stord HK

Asbjørn Tverdal og Aud Litlabø sitt i utvalet for Stord Handball. Arbeidet i samarbeidsutvalet har fungert bra kor økonomi, sponsormidlar og gjennomføring av Handballfestivalen har vore sentrale tema.

Økonomi

Regnskapet ligg vedlagt og synar at Handballgruppa har ein grei økonomi. Sunn drift, god økonomistyring samt ein framleis fantastisk dugnadsinnsats i samband med Handballfestivalen er nøkkelfaktorar til gruppa sitt resultat.

Medlemstal

Alder	6-12	13-19	20+	Tot
Jenter /Damer	231 (174)	62 (50)	73 (67)	366 (291)
Gutar / Menn	105 (112)	24 (37)	48 (44)	177 (193)
Sum	336 (286)	86 (87)	121 (111)	543 (484)

(Tal i parentes er for 2013)

I serien har me hatt 57 lag og har delteke med lag i senior-NM.

Morgentrening

Morgentrening-prosjektet for spelarar i aldersgruppa 12-15 år har fortsatt i 2014. Vidar Gjesdal, Jesper Svensson og Jesper Holm har vært fagleg ansvarlege. Desse treningane har fortsatt vist seg å vera eit populært tiltak, og har hatt eit snitt på 26 spelarar gjennom året.

Handballskule

Stord HK arrangerte Handballskule både i vinter- og haustferien. Dette var eit sær populært tilbod, og begge vart fullteikna raskt. 100 ivrige jenter og gutar vart kyndig veileda av Bjørn Lindgård og andre sentrale aktørar frå Stord HK.

Handballfestivalen

"Beste festivalen gjennom tidene". Me hadde rekorddeltaking med 362 lag og 3.500 deltakarar. Som alltid var festivalen sol og stor stemning tre dagar til ende. Landslagspelar Amanda Kurtovic fekk æra av å opna festivalen foran eit "stappfullt" Leirvik torg.

Dei store bergensklubbane synar framleis godt igjen på handballøya Stord i pinsen, og har gjort dette til si store sommeravslutning. Me gler oss over Rogalandsklubbane som i stadig aukande antal vel Handballfestivalen framfor turneringar i Kristiansand og på Østlandet. Gjestane kjennar seg heime og rosar oss for ein intim og trygg festival. Maten til Jorunn Bekkenes og "kjøkkenavdelinga" får toppkarakter – og bein å gå på når matlukta heng over Vikahaugane. Kjartan Grov held og si trygge hand over den flittige dugnadsgjengen som stiller opp og løysar alle oppgåver med smil og stil. Gjengen har allereie starta jobben med å planlegga Handballfestivalen 2015, som brakar laus fredag 22. mai.

HAFO

HAFO-cupen er fortsatt i vinden blant skoleungdommane i Stord og Fitjar kommune. Nytt i år var MiniHAFO for dei aller minste (1.-3. klasse). Drøyt 200 barn fordelt på 28 lag virvla rundt i Nyehallen til stor fornøyelse for alle involverte. Denne suksessen vil forhåpentligvis visa igjen på rekrutteringa blant våre yngste utøvarar. BarneHAFO'en er ein sikker vinnar og i september samla me om lag 600 barn på 61 lag frå 4.-7.klasse, kor Leirvik Skule forsvarte tittelen som beste skule frå 2013. Dei eldste fekk si HAFO-turnering i januar. Om lag 280 ungdommar på 28 lag var i sving, kor Nordbygdo Ungdomsskule stakk av med premien som beste skule.

Nisse-cup

Det vart og i 2014 arrangert Nisse-cup for laga opp til 12 år i desember. Tradisjonen tro var turneringa prega av herleg entusiasme, nisseluar, førjulsstemning, julebrus og kakemenn for om lag 300 barn på 20 lag – og det vart eit flott møte med handballen for mange av dei yngste.

Eksterne turneringar

Laga våre har deltaka på ulike turneringar i inn og utland, samt andre mindre turneringar rundt om i regionen.

Sportsleg: Minihåndball

Den positive rekrutteringa blant dei yngste spelarane har fortsatt i 2014. Me tel no knappe 300 spelarar under 11 år, noko som er sær slegdelig. Klubben jobbar vidare med å tilrettelegge for spelarar og leiarar for dei yngste årsklassane – for å kunne gje eit tilbod som gjer at desse er med så lenge som mogleg.

Sportsleg: Ungdom

Stord Handball tok foran sesongen 2014/15 initiativ til regionale treningar for jenter fødde i 1998 frå Stord, Tysnes og Kvinnherad med mål om å kvalifisera seg til den nasjonale Bring-serien for 16-årslag. Etter to tøffe kvalifiseringsrundar i hhv. Levanger og Bergen kom jentene gjennom nåløyet. I



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

ÅRSMELDING 2014

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2014 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetleflåt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Sekretær	Solveig Huse Furevik
Styremedlem	Elin Sletten
Styremedlem	Reidar Nesse
Styremedlem	Tjerand Espeland
Ungdomsrepresentant	Marthe Johanne T. Mehus

Det har i 2014 vore halde 8 styremøte.

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr.31.12.2014 totalt: 111 medlemmer (2013=121) fordelt på:

	<u><12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>> 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	32	2	7	41
Menn	26	9	35	70
SUM	65	13	43	111

Medlemstalet for friidrettsgruppa har ein ned att gåande tendens for 2014 og er no på 111 medlemmer, i 2013 var me 121 personar. Det er viktig å prøva og få born og ungdommar til å driva med friidrett lengre, og difor har me ei stor utfordring for å gjera friidrett meir attraktivt og kjent for denne aldersgruppa. Det er positivt at me framleis har god oppslutnad på treningane for dei yngre.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 2 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2014. Når det gjeld startarar har me for tida ingen autoriserte startarar. Klubben treng å ta tak i dette og vil prøva å få i gang eit krinsdommar kurs denne våren slik at me kan arrangera stemna våre etter reglane. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod for dei ulike årsgruppene. I 2014 har fleire av ungdomsutøvarane teke del i treningane for dei yngste. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgong og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande.

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



SEKTOR ØKONOMI

Året 2014 har gitt eit positivt resultat og det skuldast blant anna at NM terrengløp og Stordleikane gav god uttelling. I 2014 har klubben gjort to store investeringar; det er kjøpt inn nytt tidtakaranlegg og ei ny høgdematta. Dette gjorde at overskotet vart trekt ned. Klubben har etter forholda ein god økonomi, noko som viser i balansen. Med den aktiviteten som det er i gruppa no, er det viktig at gruppa ser på nye forhold til å skaffe seg inntekter slik at me i framtida klarer å oppretthalda ei god satsing med ein sunn økonomi. Driftsutgiftene for 2014 har vore på 940000,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2014 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Parkløpet	22.03.2014
NM terrengløp kort løype	05.-06.04 2014
Stord Rett Opp	04.05.2014
Fredsstafetten	07.05.2014
TINE-stafetten	15.05.2014
Bruløpet	11.06.2014
Stordleikane	15.-17.08.2014
Stordløpet	07.09.2014

I tillegg har me arrangert dei vanlege seriestemna og fleire hoppstemner innandørs.

Det største arrangementet vårt i 2014 var NM terrengløp kort løype som me arrangerte i vakre omgjevnadar på golfbanen i Prestegardsskogen. Klubben fekk gode tilbake meldingar på arrangementet frå forbundet og deltakande klubbar.

Stordleikane vart arrangert i august med litt mindre deltaking i dei eldste årsklassane enn kva det har vore dei siste åra og det kan skyldast kollisjon med andre nasjonale stemner.

Stordløpet gjekk av stabelen for 37.gong i år, og er eit tradisjonelt løp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit mykje større potensiale.

SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjonar å sjå tilbake på i 2014. Klubben har for første gong vore representert på EM senior og junior VM, samt fleire internasjonale meisterskap i 2014 (U-23 nordisk, innandørs nordisk landskamp, junior nordisk landskamp).

I senior NM på Jessheim fekk klubben gull ved Tom Erling Kårbø og bronse ved Harald Kårbø på 3000 m hinder.

I junior NM i Fredrikstad vart det 2 gull og 2 bronsemedalje til våre utøvarar. Harald Kårbø (22) vann gull på 3000m hinder og Lars Jonassen Føyen (18) vann gull på 5000m, medan det vart bronse til Sondre Egeli Øvrebø (21) i diskos og Lars Lunde (17) på 3000m hinder.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

I Ungdomsmeisterskapet på bane, uoffisielt NM for 15-19 år vart det 3 gull og 1 bronse. Lars Lunde (17) gull på 2000m hinder og 3000m, Mari Aarskog Nesse (18) gull på 2000m hinder og bronse på 3000m.

Senior/Junior

I senior-NM på Jessheim 22.-24.8 2014 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Mari Aarskog Nesse (18)	3000 m hinder	Nr. 4	10,59,37
	1500m	Nr. 13	5,04,48
Tom Erling Kårbø (25)	3000 m hinder	Nr. 1	9,00,55
	1500m	Nr.5	3,48,57 (4,02,38 2h)
Harald Kårbø (22)	3000 m hinder	Nr. 3	9,07,33
Jørund Løken (18)	Spyd	Nr 9	55,37m
Lars Lunde (17)	3000 m hinder	Nr. 5	9,41,49

I Junior-NM i Fredrikstad 08.-10.8 2014 oppnådde Stord sine utøvar følgjande resultat og plassering:

Harald Kårbø (22)	3000 m hinder	Nr. 1	9,38,61
Sondre Egeli Øvrebø (21)	Diskos	Nr. 3	41,75
	Kula	Nr. 4	11,72
Asbjørn Lunde dy (19)	Kula	Nr 6	12,09m
	Diskos	Nr 10	36,48m
Jørund Løken (18)	Spyd	Nr 5	52,84m
	Diskos	Nr 9	39,05m
Lars Jonassen Føyen (18)	5000m	Nr. 1	15,28,61
	1500m	Nr. 9	4,15,12
Joakim Moss Grutle (18)	100m	Nr 8h	12,11
	Lengde	Nr 7	6,27
Lars Lunde (17)	3000 m hinder	Nr 3	9,48,07
	1500m	Nr 6	4,10,66

I NM innandørs på Stange 1.-2.2 2014 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat:

Tom Erling Kårbø (25)	1500m	Nr. 2	3,56,66
	3000m	Nr 1	8,23,33
Harald Kårbø (22)	1500m	Nr. 5	4,00,14
	3000m	Nr 4	8,35,18
Thomas M. Heggøy (19)	800m	Nr. 10	2,03,76

I NM terrengløp, korte løyper, på Stord 05.04.2014 oppnådde Stord sine utøvar følgjande resultat og plassering:

G-17	2 km	5.	Lars Lunde
MJ	2 km	5.	Lars J. Føyen
KJ	2 km	9.	Mari Aarskog Nesse
MS	3 km	4.	Tom Erling Kårbø
		21.	Jacob Hystad
		27.	Kim Berland Laitinen

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



MV 35-39	3 km	5.	Jarle Haugland
MV 45-49	3 km	2.	Per Martin Furevik
MV 55-59	3 km	1.	Oddmund Roalkvam

I Holmenkollstafetten i Oslo sprang laget i menn elite inn til 12.plass med tida 55,04 min og holdt dermed plassen eliteklassen med god margin.

I NM terrengløp, lange løyper, i Bergen 18.10.2014 oppnådde Stord sin utøver følgende resultat og plassering:

MJ	6 km	11.	Lars Lunde
KJ	4 km	6.	Mari Aarskog Nesse

Tom Erling Kårbø representerte Noreg i EM i Zürich i Sveits 12.-17.8 2014 på 3000m hinder. Han sprang inn til 9.plass i forsøket med tida 8,42,33

Lars Jonassen Føyen representerte Noreg på junior VM i friidrett i Oregon i USA 22.-27.7 2014 og han sprang 10000m der tida vart 32,37,33 og det gav 35.plass.

Tom Erling Kårbø (25) representerte Noreg på 3000m hinder i First division (lag EM) i friidrett i Tallin, Estland, den 21.-22.juni, kor dei nasjonane som er rangert mellom 13 og 24 i Europa deltok. Han sprang inn til 3.plass med tida 8,49,39 og Noreg rykka opp til Super League for 2015.

Tom Erling Kårbø representerte Noreg i innandørs landskamp i Tampere i Finland 7.2.2014 der han sprang 1500m. Med tida 3,58,84 sprang han inn til 5.plass.

Harald Kårbø (22) deltok for Noreg i U-23 nordisk meisterskap i København 26.-27.7.2014 og han sprang inn til 1.plass på 3000m hinder med tida 9,04,71

Mari Aarskog Nesse (18) og Lars Jonassen Føyen deltok for Noreg i nordisk juniorlandskamp U-20 i Kristiansand 16.-17.8 2014. Mari kom på 5.plass på 3000m hinder med resultatet 11,19,82 og Lars sprang inn til 4.plass på 5000m med tida 15,05,12.

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nummer 24 i 3.divisjon med poengsummen 10498 (20 res) (2013= 11050poeng (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 6 i 1.divisjon, med poengsummen 21718 (30 res) (2013=17942 poeng(25 res)) og held dermed fram i 2015 i den øverste divisjonen.

Veteraner:

På innandørs NM i Deep Ocean Arena i Haugesund 7.-9.3 2014

Oddvar Hårde (69) NV 45-49	Lengde	Nr 1	5,40m
	Høgde u.t.	Nr 2	1,30m
Per Gregesen (70) MV 40-44	Høgde	Nr 1	1,58m
	Stav	Nr 1	3,52m
Per Martin Furevik (67) MV45-49	1500m	Nr.5	5,00,09
	3000m	Nr 3	10,58,10

Norsk veteranrekord innandørs i klasse 40-44: Per Gregesen (70) Stav 3,60m



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM i Haugesund 05.-07.9 2014 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Mari Aarskog Nesse (18)	800m	Nr. 8	2,21,08
	2000 m hinder	Nr. 1	7,04,94
	3000m	Nr. 3	10,06,69
Marthe Johanne T. Mehus (17)	Diskos	Nr. 5	23,96m
Asbjørn Lunde dy (19)	Kula	Nr. 6	11,58m
	Diskos	Nr. 5	37,86m
Sondre Mæland (18)	400m	Nr.20	55,32
	800m	Nr. 19	2,05,86
Joakim Moss Grutle (18)	100m	Nr. 5h	12,04
	Lengde	Nr. 7	5,99
Lars Lunde (17)	200m hinder	Nr. 1	6,12,24
	3000m	Nr. 1	8,50,03

Følgjande klarte å vinna krinsmeisterskap, utandørs i 2014:

Lars Lunde (17): Slegge, Diskos

Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 3.plass i 1.divisjonen med poengsummen 32249 poeng på 40 resultat (2013= 37776 (50 res)) og held dermed plassen i 1.divisjon.

Gutane sitt 1.lag kom på 5.plass i elitedivisjonen med poengsummen 52365 på 60 resultat (2013= 52646 poeng).

Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Marthe Johanne T. Mehus, Tuva Skulstad, Nils Hetleflåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Ulf Bloch, Nils Hetleflåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt

Utmerkingar

På "premiefesten" vart følgjande utmerkingar utdelt:

"Beste gut"	Lars Lunde
"Beste jente"	Mari Aarskog Nesse
"Mest allsidige gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Mest allsidige jente"	Mari Aarskog Nesse

Gullmerket (over 1000 poeng) vart utdelt til følgjande for sine resultat: Julian Skimmeland Aasheim (11) for 1,40 m i høgde, Lars Lunde (17) for 6,06,2 på 2000m hinder, Lars Jonassen

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Føyen (18) for 14,41,67 på 5000m, Jørund Løken (18) for 59,34m i spyd og Mari Aarskog Nesse (18) for 10,59,37 på 3000m hinder.

Lagsrekordar

Tom Erling Kårbø	3000m hinder	8,39,54
Mari Aarskog Nesse	3000m	10,12,68
	3000m	10,06,69
	3000m hinder	10,59,37

SAMANDRAG:

Friidrettsgruppa kan sjå attende på 2014 med mange høgdepunkt og sportslege gleder. Terreng NM i kort løype var eit stort løft for ei lita gruppa. Men med god planlegging leia av Tjerand Espeland kom vi mål på ein velluka og god måte. Løypene i golfparken var både krevjande og harde, men laga ei flott ramme som gav meirsmak til nye arrangement. Lars Jonassen Føyen sette og klubben vår på kartet då han i juli kvalifiserte seg til jr. VM på 10.000 meter i Eugene, Oregon. Her skaffa han seg flott meisterskapsrøynsle under tøffe utfordringar på amerikansk jord. Tom Erling Kårbø følgde opp med EM- plass på 3000 meter hinder i Zürich i august. Det blir lagt merke til at Stord hevdar seg på eit så høgt nivå. Det tyder på ein god treningskultur blant våre løparar. Noko som ein engasjert trenar Nils Hetleflåt har ei stor ære for. Friidretten ligg ikkje på latsida. Vi har store og små arrangement året rundt. Alt frå sentrumsstafettar, Parkløp, bruløpa, Stord rett opp, Fredstafett, Tinestafett og Stordløpet. Noko for ein kvar smak. Hovudsatsinga vår er likevel Stordleikane med omlag 300 deltakarar i midten av august. Saman med Maileikane og Framoleikane er Stordleikane ein av dei tre stor stemna for ungdom i alderen 9-18 på Vestlandet. Vi har stadig flotte ungdomsrepresentantar som er til stor inspirasjon både som trenarar og som følgjer ” Ung Leiar” kurset som er eit stort satsingsområde frå Norges Friidrettsforbund. I 2014 var det Marte Johanne Tangedal Mehus og Tuva Skulstad som representerer Stord Friidrett. To flotte jenter som osar energi og som er to dyktige representantar for Stord friidrett. Vi håper vi kan dra nytte av dei i mange år framover, og her kan det og spira fram unge og nye leiareme som tar over stafettpinnen på styrerommet.

Stord friidrett er avhengige av gode anlegg. Vi er glade for å ha fått nytt dekkje på Stord stadion. Men i åra framover må vi sette inn kreftene på å ta vare på dekkjet på løparbanen. Her må vi ha hjelp av Stord kommune og Vikahaugane idrettspark. Vi kan ikkje sitje å sjå på at banen vår går til grunne. Vi skal sjølvstekt ta eit tak, men vi må ha hjelp til å leggja tilhøva til rette for alle som nyttar banen vår. Det er og god reklame for kommunen å vise fram eit flott anlegg til våre tilreisande gjester.

Vil med dette takke alle som har tatt eit tak både i styret og alle våre støttespelarar og foreldre som stiller opp. Vi har høge ambisjonar for 2015 både gjennom ny og spennande arrangement og sterke sportslege prestasjonar frå våre lovande utøvarar som står på året rundt.

Runar Øvrebø
Styreleiar, Stord friidrett





ÅRSMELDING 2014

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2014

Leiar: Kjartan Grov

Nestleiar: Aslaug Grov Almås

Kasserar: Merete Taraldsøy

Skrivar: Guro Lund

Medlem: Merethe Kannelønning, Bjørn Tømmervik og Anne Sissel Mugaas.

Vara: Sigfred Framnes

Styret har hatt 4 styremøte i 2014 sidan førre årsmøte. I tillegg har det vore stor møteaktivitet i samband med førebuing til NM i turn som vart arrangert på Stord i september.

INNLEIING

Turngruppa har som mål å nå breitt ut til gymnastar i alle aldrar. Det meiner me at me klarer godt ved å ha treningstilbod for alle aldersgrupper. Dei yngste gymnastane startar på Foreldre og barn når dei er 3 år gamle. Der kan dei gå fram til dei byrjar på skulen. Treningslokale er i gymnastikksalane på Hystad, Leirvik og Langeland skule. Når dei byrjar på skulen har me treningstilbod i turnhallen på Vikahaugane. Der kan dei starta på turnleik eller grunnkurs i turn og gå vidare på matte/ tumbling og trampett etter kvart som dei vert eldre. I tillegg har me ei eiga gruppe med konkurranseturnarar. For dei som er over 16 år har me tilbod om aerobic, step, salsa/zumba og herretrim.

Som tabellen på neste side viser, er dei fleste medlemmane i alderen 6-12 år. Turnleikpartia for 1. og 2. klasse er svært populære både for gutar og jenter. I tillegg har me ei stabil gruppe i klassetrinna 5.-7. klasse og 8.-10.klasse. Desse treningane har vore ei god blanding av både gutar og jenter, som har hatt fokus på tumbling og trampett. Aldersgruppa 25+ er også godt representert. Herretrimmen er populær både på Hystad skule og i Gamlehallen på Vikahaugane. Det same gjeld for aerobic og step. Konkurranseturnarane har også i år hatt nokre aktive semester med deltaking i fleire konkurransar. Nokre av dei har hevda seg heilt i toppen på landsbasis.

Som tidlegare år er me avhengige av positive trenarkrefter for å få kabalen til å gå opp. På partia for foreldre og barn er det hovudsakleg foreldre som har teke trenaransvaret, og det vil derfor bli trong for nye trenarar kvar haust. Heldigvis finnest det enno velvillige turnvener og foreldre som stiller opp for at ungane skal ha eit treningstilbod. Me er også heldige som har trufaste trenarar som stiller opp år etter år, og som legg ned mykje dugnadsinnsats for turngruppa.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Medlemsoversikt Turngruppa

Jenter/gutar:	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Jenter 0 - 5	32	56	55	38	41	47						
Jenter 6-12	82	80	103	76	90	94	99	95	75	42	93	51
Jenter 13-19	17	19	31	8	28	12	15	7	14	10	5	47
Jenter 20-25			1	2	21	-	45	47	10	15	16	17
Jenter 26+	53	75	81	65	21	37			63	21	72	70
Gutar 0 -5	32	57	45	38	43	47	79		2			
Gutar 6-12	93	89	50	79	54	56		51	50	57	64	52
Gutar 13-19	16	24	19	22	13	4	22	6	19	15	8	8
Gutar 20-25				1		-	45	51	0	0	1	2
Gutar 26+	60	59	58	65	68	56			58	60	75	65
Total	385	459	443	394	395	394	305	257	291	220	334	312

TRENARSITUASJON

Det har vore færre trenarar i sving i 2014 enn tidlegare år. Årsaka til dette er at mange av trenarane har hatt ansvar for fleire parti. Mange av dei unge trenarane våre går inn og hjelper til på fleire grupper. Dei blir då fleire til å dela på ansvaret, dei kan vera vikar for kvarandre og store grupper kan delast inn i mindre grupper slik at aktivitetsnivået på treningane vert høgare.

Me er heldige og svært takksame for at me har mange trenarar som framleis står på for at barn og unge skal få oppleve gleder ved turn. Mange av dei har vore med i fleire tiår og er med på å skapa stabilitet i turngruppa. Desse trenarane er, saman med nye yngre instruktørar, årsaka til at tilboda våre er så populære.

Det er også gledeleg at det kvar haust kjem foreldre på gruppene for Foreldre og barn som er villige til å vera instruktørar for sine egne og andre sine barn. Utan desse hadde tilbodet for dei yngste vore vanskeleg å oppretthalde.

AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

- Kjartan B. Grov, Anne Sissel Mugaas og Lars M. Hegland deltok på Samarbeidsmøte til Hordaland Gymnastikk og Turnkrets i Bergen februar .
- Seriekonkurranse vart arrangert på Stord.
- Kjartan B. Grov, Anne Sissel Mugaas og Guro Lund reiste på Forbundsting i Tønsberg i april.
- Anne Sissel Mugaas, Aslaug Grov Almås og Magnus Mugaas Hegland reiste saman med 10 gymnastar til Gymfest i Vest i Haugesund i juni.
- Det vart arrangert NM i turn på Stord i september.
- Juleoppvisninga vart arrangert 7. desember i Sportssenteret. I samarbeid med hovudlaget vart Stord Idrettslag sitt 100 års jubileum avslutta.

HEIDERSTEIKN

I jubileumsåret vårt fekk fylgjande ei utmerking:

Anne Sissel Mugaas fekk sølvmedalje

Aslaug Grov Almås fekk sølvmedalje

Guro Lund fekk bronsemedalje

Lars Mugaas fekk Kongens fortjenestemedalje på juleoppvisninga 7. desember.

TRENINGSTILBODA I 2014

- **Foreldre og barn, Leirvik:** 2 parti, eitt for 3-4 åringar og eitt for 5 åringar, har vore i sving i gymnastikksalen på Leirvik skule. Trenarar: Foreldre.
- **Foreldre og barn, Langeland:** 2 parti, eitt for 3-4 åringar og eitt for 5 åringar, har hatt treningane sine i gymnastikksalen på Langeland skule. Trenarar: Bolette Grov, Karoline Skjelde og foreldre.
- **Foreldre og barn, Hystad:** 2 parti, eitt for 3-4 åringar og eitt for 5 åringar, har hatt treningane sine i gymnastikksalen på Hystad skule. Trenarar: Foreldre
- **Turnleik jenter 1. klasse:** Dette har også i år vore eit populært tilbod. Passeleg stor gruppe frå hausten av. Hovudfokus har vore leikprega aktivitet med innslag av grunnelement i turn. Trenarar: Aslaug Grov Almås og Kristine Wiersen.
- **Turnleik jenter 2. klasse:** Har same innhald som turnleik for jenter 1. klasse. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer og Simona Gundersen.
- **Turnleik/ tumbling jenter 3.-4. klasse:** Denne gruppa har bygd vidare på det gymnastane lærer i turnleik jenter 2. klasse. Dei har i tillegg brukt tumblingmatta på treningane. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer og Simona Gundersen. I tillegg har Ingrid Grov Almås og Hanna Lekve hatt dans.
- **Turnleik gutar 1.-2. klasse:** Dei har hatt som mål å lære gutane å bruka kroppen på mange ulike måtar. Som tidlegare år har det vore lagt vekt på satstrening, hopp, rulle framover og bakover, handståande, ulike balanseøvingar, svingteknikk i svingstong og ringar. Også ulike leikar og stafettar der løpsaktivitetar er lagt inn. Trenarar: Kristian Lunde, Magnus Mugaas Hegland, Lars Eik Breirem, Lars Mugaas Hegland og Lars Mugaas.
- **Grunnkurs turn gutar 3.-4. klasse:** Dette er eit parti som vidarefører det dei lærer på turnleik 1.-2. klasse. Trenarar: Anne M. Otterå og Hallgeir Halland.
- **Matte/ tumbling 5.-7. klasse:** Dette har vore eit svært populært tilbod og det har derfor vore naudsynt å dela gruppa i to for å få forsvarlege gruppestorleikar. Trenarar våren 2014: Magnus Mugaas Hegland og Jakob Teetzman. Trenarar hausten 2014: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer og Simona Gundersen.
- **Trampett 8.-10. klasse:** Denne gruppa går framleis bra, vel 15-20 ungdomar er med. Ei stabil gruppe med både gutar og jenter. Trenarar: Magnus Mugaas Hegland
- **Aerobic og step:** Også i år har me hatt ei stabil gruppe i sving, med damer frå 16 år og oppover. Desse har hatt treningstider to gonger i veka. Trenarar: Aslaug Grov Almås og Eva Grov.
- **Zumba/ Salsa:** Ei lita gruppe har hatt treningar kvar torsdag. Trenar: Live Gravdal.
- **Stemnedamene** har også i år trena kvar måndag i turnhallen. Dei har ikkje faste trenarar, men har hatt ei rulleringsordning blant nokre av damene som deltek.
- **Herrer mosjon** er delt i to grupper. Dei trenar fast to gongar i veka på Vikahaugane og på Hystad skule. Dei to partia har ca. 60 deltakarar til saman. Mål for treningane har vore generell trening i styrke og uttøying for å vedlikehalde styrke og gode utslag i dei ulike ledd. I tillegg har dei trena lett kondisjon gjennom ulike ballspel. Nye deltakarar har kome til og funne seg raskt til rette i eit triveleg og lystig miljø. Trenar på Vikahaugane: Kristian Lunde. Trenar på Hystad skule: Lars Mugaas.
- **Konkurranseturn** (sjå under)

KONKURRANSETURN

Konkurransesgruppa i 2014 har bestått av:

Fornavn	Etternavn	Alder	Klasse
Tobias	Mortensen	09.05.2003	Rekrutt
Samson	Økland	07.03.2004	Aspirant
Adrian R.	Folkestad	10.09.2004	Aspirant
Tørres	Koløen Birkeland	13.05.2004	Aspirant
Vetle	Hystad Ådland	31.12.2003	Rekrutt
Simon Lukas	Hammer Haga	02.06.2004	Aspirant
Heine	Moe Larsen	03.01.2006	Aspirant
Leo	Riise Åsheim	24.10.2005	Aspirant
Karl	Grov	28.03.2005	Aspirant
Jakob	Molvik	05.08.2003	Rekrutt
Lukas	S.Skjønberg	03.03.2005	Aspirant
Haldor	Valø	16.12.2004	Aspirant
Andreas Taraldsøy	Rafdal	26.04.1997	Kl 3
Lars	Eik Breirem	15.07.1997	Kl 3
Lars Mugaas	Hegland	27.02.2001	Kl 1

Stord IL har hatt deltakarar på desse konkurransane / Aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Seriekonkurranse Nr 1	Stord	01.03
Twenty Four Cup Nr 1	Stavanger	08-09.03
Jr NM	Oslo	22-23.03
FIG Konkurranse	Stavanger	29-30.03
Unni og Haralds Pokalkonkurranse	Oslo	04-06.04
Serie Nr 2 + KM Enkle Apparat	Bergen	26.04
Twenty Four Cup Nr 2	Bergen	31.05-01.06
Serie Nr 3 KM Mangekamp	Bergen	20-21.09
Serie Nr 4	Laksevåg	11.10
Twenty Four Cup Nr 3	Oslo	18-19.10
Vestlandsmesterskapet	Sandnes	01-02.11
Norgesfinalen	Elverum	15-16.11
Seriekonkurranse Nr 1	Stord	01.03

Leiarane for konkurransegruppane har vore:

- Paul Skjønberg
- Henning Nielsen
- Jarle Mortensen
- Lars Mugaas
- Erik Skar (delvis)

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



UTDANNING/KURS

Nokre av instruktørane deltok på helgesamling som kretsen arrangerte her på Stord der ein kunne delta på ulike tema / områder i løpet av ei helg i august.

Andreas Aas, Lars Eik Breireim, Andreas Taraldsøy Rafdal, Magnus Mugaas Hegland, Sigvald Leirvik og Jakob Teetzmann deltok på dommarkurs. Andreas Aas og Lars Eik Breireim har fullført kurset. Lars har i løpet av 2014 vore dommar både i seriekonkurranse, nasjonalrekrutt og KM.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2014 viser også stor aktivitet. Me hadde eit stort arrangement (NM i turn), samt aktiviteten har vore stor. I år fekk me ein god del tilskot, samt sponsormidlar som har kome gruppa til gode.

Me ligg enno på etterskot med fakturering av treningsavgifter, men for 2014 fekk me sendt ut denne to gonger, så det stemmer nokolunde. Midlane som gruppa fekk overført i 2012 frå Stord IL (450 000), er nytta i 2014 i samband med rehabiliteringa av turnhallen.

I løpet av 2014 har turngruppa søkt og fått tilskot frå Gjensidigestiftelsen, Wärtsiläfondet og Sparebank1.

MAGNE MUGAAS FOND

Fondstyre 2014: Kjartan B. Grov. Lars Mugaas og Erik Skar. Det har ikkje vore nokon aktivitet i fondet i år. Det har kun vore renteinntekter, ingen beløp ut.

TILLITSVERV I KRETS OG FORBUND

Erik Skar har hatt eit verv i Ærestegnskomiteen i HGTK.

VALKOMITE

Valkomiteen har bestått av Kjartan B. Grov og Hanne A. Nesbø

Stord, 04.02.2015
Stord IL, turngruppa
Kjartan B. Grov
Leiar



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2014

Sportsleg aktivitet.

- Eigne arrangement:

Barneskirenn. Det vart gjennomført eitt barneskirenn 31.12.14. På grunn av snømangel vart start og målgang flytta frå stionområde, men me fekk prøvd den nyleg opparbeidde traséen til kraftstasjonene. Rennet samla 25 ivrige ungar.

Rankingrenn. Det vart gjennomført eitt renn 31.12.2014. På grunn av snømangel vart rennet gjennomført på Heio under gode forhold. Rennet samla fire deltakarar.

Rulleskirenn. Det er gjennomført fem rulleskirenn sesongen 2014, alle i Prestagardsskogen. I mai vart nyvinninga "Stord opp" gjennomført for første gong, med målgang ved demninga på Vaulane. 22 deltakarar stilte til start. Arrangementet var vellukka og det vert gjentakning – og kanskje utviding – i sesongen 2015.

I samband med kretssamling i regi av skigruppa, vart det arrangert kretsrenn på rulleski i klassisk stil i Prestagardsskogen siste helg i august. 60 deltakarar stilte til start i eit svært vellukka arrangement. Tilbakemeldingane frå deltakarane og klubbane var svært gode.

Hausten 2014 er det gjennomført tre treningsrenn i Prestagardsskogen. To av renna er avvikla i klassisk stil og eitt renn i fristil. Desse arrangementa har samla våre eigne utøvarar, i hovudsak frå barne- og ungdomsgruppa. Dei mest aktive seniorane har også delteke.

Tysdagstrimmen: . Den årvisse Tysdagstrimmen gjekk i 2014 igjen frå Vabakkjen. 10 tysdagar frå 30. september til 2. desember sprang og gjekk trimmegjengen kort eller lang løype innover i Landåsen. Det var 29. året på rad med Tysdagstrim. Høgste deltakartal i 2014 var 47.

Treningssamling 29. – 31. august Rulleskisamlinga i Prestagardsskogen helga 29.-31.august 2014 går over i historia som den første i sitt slag på Stord, med kretsrulleskirenn søndagen som toppen. Over 50 utøvarar, fødd i 1999-2002, frå 10 Hordalandsklubbar og 2 Rogalandsklubbar var samla til trening, instruksjon, sosialt og konkurranse. Helga vart svært flott, takka vera positive deltakarar, gode trenarar, godt støtteapparat og ikkje minst ei flott rulleskiskiløype. Det er ønskjeleg å gjenta arrangementet og om mogleg årleg.

-Treningar:

Barne- og ungdomsgruppa har hatt faste treningar kvar tysdag og torsdag, med Prestagardsskogen som base. I tillegg er det gjennomført styrketrening kvar måndag for dei eldste utøvarane i barne- og ungdomsgruppa (eldre enn 13 år). Treninga inn mot sesongen 2014/2015 tok til etter 17. mai med base i Prestagardsskogen. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med og utan stavar og generell styrke) og rulleskitrening (annakvar økt klassisk og fristil). Treningane er lagt opp

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



etter aldersnivå og under leiing av Stian Engevik. I tillegg inngår Øyvind Gaute Berg, Kjell-Inge Engevik og Sigurd Sandvold i trenarteamet.

I september 2014 starta me opp ei nybyrjargruppe for dei yngste (frå 8 år). Dette har resultert i nyrekruttering av 6 ferske skiløparar i aldersgruppa 8-9 år. Det er elles god kontinuitet i barne- og ungdomsgruppa, som totalt består av om lag 20 utøvarar. Eit fleirtal av utøvarane er aktive og deltek på skirenn både sommartid (rulleski) og gjennom vinteren, med gode resultat.

Det er ikkje organiserte treningar for seniorar og veteranar i regi av skigruppa, men fleire av veteranane avtalar fellestreningar seg i mellom.

- Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Til liks med tidlegare år har det vore god Stord-oppslutnad på arrangement i Hordaland, elles i Noreg og noko i utlandet. Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen og elles i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna. Simen Engevik gjentok prestasjonen frå 2013 og vart på ny krinsmeister i fristil (G12).

Elles må nemnast at veteranen Magne Løvtangen deltok i VM for Masters i Austerrike i slutten av januar. Magne deltok på 5, 10 og 15 km og hevda seg godt på alle distansar (15., 17. og 13. plass). Blant veteranane elles er det normalt Birkebeinaren som samlar flest deltakarar frå Stord. Denne gongen vart Birkebeinaren avlyst grunna vêrtilhøva, og det vart difor ein "treningstur" over fjellet for dei tilreisande frå Stord.

Stord har elles delteke i dei fleste terminfesta turrenna i kretsen (Hordaland og Rogaland). Her kan nemnast Herresåsen rundt, Mosvatnet rundt, Slettedalen rundt, Haukelirennnet m. fl. I Helterennet på Rauland deltok 17 utøvarar frå Stord. Dei mest aktive seniorane har dessutan delteke på mange terminfesta renn. Stian Engevik har stått for den fremste prestasjonen i så måte, med sin 2. plass i KM klassisk på Voss.

Andre saker

-Anlegg og dugnad

Prestagardsskogen: Det er gjennomført jamlege dugnader der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Barne- og ungdomsutøvarane har også delteke på desse dugnadane. Stian Engevik har kosta løypa etter behov ved bruk av maskin. Engevik Byggsenter AS har sponsa med arbeidstimar, utstyr og diesel. Det er sett opp forbodsskilt mot hest i samarbeid med Stord kommune. Barne- og ungdomsgruppa har sytt for montering og plassering av skilta. Det er i tillegg montert og sett opp skilt som syner løyperetning m.m.

Lundekollen: Det er utført arbeid med gravemaskin i Lundekollen for å kunne bruka traséen med mindre snø. Nedre del er grovplanert og rydda for stor stein og det er laga til for ein trasè for skitrekking. Største delen av arbeidet er utført, men det gjenstår litt finpuss og noko maskinarbeid i øvre del. Planen er å få prosjektet ferdigstillt i løpet av 2015.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

Lysløypa og Heio: Prosjektet med oppgradering av traséen på Heio vart fullført i 2014. Det vart grøfta langs store delar av traséen, og med nye røyr gjennomføringar er dreneringane blitt svært bra. Siste del av desember 2014 fekk me testa dette. Traséen frå kraftstasjonen til Kattnakkvegen, ca 400 meter langs elva, vart planert og drenert i slutten av 2014. Alt dette vart gjort i samspel med konsulentar, offentlege tilskot og kommunen. Lysløypa fekk sjølvstekt den årlege slått og oppryddinga seinhaustes.

-Ymse

Heimesida: stordski.no Facebook og Skinytt

stordski.no: Ny heimeside (frå 2013) er no innarbeidd. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren. Sida har fleire faste superbrukarar, som legg inn løpande oppdateringar etter behov.

Skigruppa har oppretta ei lukka facebook-gruppe for barne- og ungdomsgruppa. Her vert all praktisk info rundt treningar, konkurransar m.m. lagt ut. I tillegg vart det 31.12.14 oppretta ei facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til www.stordski.no og nådde eit breitt publikum på kort tid. Sida er open for alle.

Skinytt Skigruppa gav i 2014 ut 12 utgåver av nyvinninga Skinytt. Det er eit kortfatta informasjonsskriv til medlemmer og andre personar med interesse for skiidretten vår.

Mål- og aktivitetsplan: Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

Medlemmer: Det vart i 2014 innbetalt treningspengar frå i alt 70 personar. 64 av desse er medlemmer i Stord IL, med eit aldersspenn frå 8 til 80 år. Talet har vore gledeleg aukande dei siste tre åra.

Økonomi: Økonomien til skigruppa er god, etter aktive økonomiprojekt og god pengestyring dei siste åra. Omsetnaden i 2014 var omlag kr 364.000, med eit overskot på vel 14 tusen kroner. Viser elles til rekneskapen som hovudlaget styrer.

Gruppeleiing: Etter valet på årsmøtet 17.2.2014 var styret samansett slik:

Leiar:	Odd Stuve Rommetveit valt i 2014 for 1 år. (valt som kasserar for 2 år)	
Sekretær:	Øyvind Gaute Berg	valt i 2014 for 2 år
Styremedlemmer:	Bernt Øyvind Vad	valt i 2013 for 2 år
	Erling Tyse	valt i 2014 for 2 år
	Sigurd Sandvold	valt i 2013 for 2 år
	Kjell-Inge Engevik	valt i 2014 for 1 år
	Solbjørg Birkeland	valt i 2014 for 2 år
	Lars Åge Førland	valt i 2014 for 2 år (vara)

SIL ÅRSRAPPORT 2014


SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA




Trenarar og oppmenn: Sigurd Sandvold, Kjell-Inge Engevik, Solbjørg Birkeland Olsen, Øyvind Gaute Berg, Stian Engevik, med god hjelp av fleire foreldre.


Takk Styret i skigruppa takkar alle som har gjort ein innsats for skiidretten på Stord i 2014.

Stord, den 2. mars 2015


Odd S. Rommetveit

leiar

Kjell-Inge Engevik

styremedlem

Bernt Øyvind Vad

styremedlem

Solbjørg Birkeland


styremedlem

Øyvind G. Berg

styremedlem


Sigurd Sandvold

styremedlem


Erling Tyse

styremedlem

STORD IL SKEISER



ÅRSMELDING 2014



Styret 2014

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Bjørn Dalen
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

Andre funksjonar:

Ispreparering	Jan Henriksen
Kjoststyrar	Frank Einar Pedersen
Stemneansvarlig	Bjørn Dalen

Trenarar :	Henning Nordfonn(elitegruppa)
	Kjell Storelid(elitegruppa)
	John Kvarme(talentgruppa)
	Kjell Håvard Belsvik(rekruttgruppa)

Materialforvaltar Jan Aas

Økonomigruppa: Bjørn Dalen
Henning Nordfonn
Onar Westerheim



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Medlemmer:

Skeisegruppa har 62 medlemmer pr 31.12.2014

Styremøter:

Det vart avvikla 4 styremøter i 2014

Eksterne møter og representasjonar:

Henning Nordfonn er utpekt av hovudlaget til å vera prosjektleiar for bygging av skeisehall. Hovudlaget har gjeve midlar til utarbeiding av eit kalkylegrunnlag for prosjektet

Aktivitar/arrangement

Jubileumsarrangement:

Som eit ledd i hovudlaget sitt 100. årsjubileum var skeisegruppa teknisk arrangør av eit jubileumsarrangement på skeisebanen 16. januar. Elise Årbø og Henning Nordfonn sto for kontakten med hovudlaget og styring av opplegget. Arrangementet samla mykje folk, der Ådne Søndrål og Kjell Storelid var heidersgjester.

I samband med jubileumsåret vart Kjell Storelid kåra til tidenes idrettsnavn i Stord idrettslag

Årsmøtet vart avvikla 27.02.2014

Årsfesten for gruppa vart arrangert 22.05.2014

Gruppa arrangerte 3 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2014

Driftsoppgåver knytta til skeisebanen

Skeisegruppa har også i år preparert isen før trening og løp



Drift av kiosk/skeiseutleige

God aktivitet i kiosken i helgane med godt ver.

Sponsorar

SKL

Kværner

DNB

Skagen Fondene

Rekruttgjengen i Stord IL Skeisegruppa.

Nye rekrutter etablerer seg i skeisegruppa. Dei er vorte relativt flinke og øvingsprogrammet er målretta skeisetrening med mest vekt på lek, bevegelse, teknikk og koordinasjon.

Nokre av de talentfulle rekruttane som har deltatt siste år:

Dina Storelid

Emma Waage

Samuel Waage

Simen Storelid

Marcus Bø

Mange har skaffa seg klappskeiser og tricot. Framgangen er stor. Det er tydelig at farten aukar skeisegleda.



Simen

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Talent i Stord IL Skeisegruppa: Tider oppnådd i året 2013 og 2014:

Talent-gruppa	F.år	500m		1000m		1500m		3000m	
		-13	-14	-13	-14	-13	-14	-13	-14
Daniel Stautland Hauge	2002	57,23	53,68	2,05,73	1.55,50	3.04,78	2.55,85	-	
John Granli	2002	55,28	51,07	2.19,87	1.49,75	3.02,49	2.42,66	-	
Erlend Belsvik	2002	52,85	46,68	1.51,58	1.32,88	2.47,86	2.24,28	-	9.13,51 (5000m)
Kristine Notland	2000	52,97	49,91	1.49,01	1.39,33	2.48,62	2.33,42	-	-
Marcus Rasmussen Kvarme	2001	47,18	46,36	1.35,01	1.33,14	2.26,14	2.23,26		5.45,67
Anja Sporsheim	1998	48,16	45,84	1.41,87	1.38,57	2.36,91	2.33,65	6.07,62	5.56,41
Anita Notland	1998	48,92	48,28	1.39,88	1.43,05	2.41,52	2.34,68	6.21,23	-
Øystein Måge Skorpen	1998	57,75	47,19	2.03,71	1.40,82	3.16,02	2.30,28	-	6.08,23
Olav Sørheim	1998	45,20	43,02	1.31,49	1.28,20	2.26,2	2.18,2	5.00,4	4.56,76 9.27,72



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Nylund						6	7	1	(5000m)
Thomas Haraldsen	1996	64,98	57,15	2.06,17	1.55,92	3.18,61	3.05,29	6.39,28	6.13,74

Trenarar: John Kvarme og Kjell Håvard Belsvik

Talentgruppa har siste år hatt super framgang. Humøret er stort sett på topp og det blir helit stille når John fortel gamle anekdoter fra tidligare epoker i skeisegruppa. Alle har satt nye perser og dei som vil sjekke disse nærmere kan gå inn på www.speedskatingresults.com.

I tillegg har mange no testa ut litt lengre distansar enn 1000m og har gjort mange gode løp også der. Følgjande personar kvalifiserte seg til Landsmesterskapet (LM) som er uoffisielt NM for yngre fra 12 til 16 år. Kristian Aas(17), Olav Nylund(14), Anita Notland(14), Anja Sporsheim (14), Kristine Notland (12) og Marcus Kvarme (12).



«Og alle var samde om at dette var eit gildt 100-år!» Her fra jubileumsfesten på isen januar-14.



Daniel, John, Erlend, Marcus, Kristine



Marcus, Olav, Svein Tore, Kristine, Simen, Thomas, Jan, Erlend, Marcus ,Jon Greger, Dina, Simon, Daniel, Magnus, Øystein, Espen, Anja, Anita

Elitegruppa

Perioden januar til mars (siste del av sesongen 2013/14) blei en travel periode for elitegruppa. Deltaking i Norgers cup, NM sprint, Oval finale i Calgary, Canada og mange løp i Stavanger, Bergen og på Stord. Under følger et utsnitt av resultater frå kalenderåret 2014

Perioden frå sesongstart 2014/15 (oktober – desember) ble en litt roligere periode med tanke på konkurranser en det som har vert vanleg dei siste åra. Dette grunna omlegging av den nasjonale terminlista.

Magne Notland og Espen Brask Nordfonn som er en del av gruppas elitesatsing har valgt å flytte til Calgary, Canada for å satse fullt på skeiser. Etter å ha søkt opptak til «Olympic Oval Program» og fekk positivt svar, flyttet dei vestover i midten av juli og har siden tatt del på kvart sitt lag der.

Magne er på mellomdistanse/ langdistanse og Espen på sprint/ mellomdistanse.

Resultatene har allerede kommet i form av betre teknikk og nye personlige rekorder, spesielt for Magne som har satt utallige perser og klubbrekorder. Dette er nok berre begynnelsen på noe som kan bli veldig interessant å følge videre.

Magne Notland

NM sprint Gol nr. 14

Representerte Norge i student VM i Almaty med veldig god 1500 meter 8. plass 1.54.2

VM – brose lagtempo i same mesterskap.

Klubbrekorder på 500m, 1000m og 1500m: 36.85, 1.11.79, 1.49.85. Personlige rekorder på 3000m og 5000m med tidene: 3.56.91 og 6.52.79

3000 meter banerekord Stord – 4,26,51



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Espen Brask Nordfonn

37.46 og klubbrekord under Olympic finale 2014 i Calgary.

NM sprint Gol nr. 17

39,17 ute i Bergen – Austevollssprinten,

Mange topp 10 plasseringer i Norgescup på 500 og 1000 meter

Personleg rekord på 1000m 1.13.90

Magnus Brask Nordfonn

Personlige rekorder på 500, 1000 og 1500 i calgary 38.19, 1.16.57, 2.00.13

NC7 – 38,90 1,19,95

Mange topp 15 plasseringer i Norgescup på 500 og 1000 meter

Jon Greger Notland

Nr 14 Allround junior NM med følgende 4 kamp: 39.81, 4.20.84, 2.01.76, 7.41.10

Nr 14 Sprint NM junior med følgende tider: 41.08, 1.25.92, 41.54, 1.21.94

Mange topp 15 plasseringer i Norgescup junior på Allround, 500 1000 1500 3000

Kristian Aas

Deltakelse i NM sprint junior med en respektabel 20. plass

Kvalifiserte seg til Norgescup med mange fine resultater til debutant å vera.

Personlig rekord på 1500 m i Calgary med tiden 2.04.81

Terje Almås

Kretsmester sprint

Gode tider på 1500 og 3000m: 1.56.99 og 4.08.54

Mange topp 12 plasseringer i Norgescup på 1500, 3000 og 5000m

Terje ble kåret av Hordaland skøytekrets til årets skøytenavn i kretsen .



Veterangruppa år 2014

Veterangruppa kan sjå tilbake på nok eit aktivt år med mange gode resultat.

I gruppa er det i alt 7- 8 veteranar. 6 av desse har delteke på fylgjande løp:

Kretsløp : 5 deltakarar.

OC-løp i Stavanger 6 deltakarar

NM for veteranar i Harstad : 4 deltakarar

VM Sprint Masters i Astana : 2 deltakarar

VM Allround Masters i Stavanger : 3 deltakarar.

Masters i Erfurt : 3 deltakarar

Masters i Vikingskipet : 3 deltakarar

NM i Harstad :

Her vart det oppnådd fylgjande plasseringar

(4 distanser + samanlagt)

Jan Aas 3 gull 2 sølv

Onar Westerheim M65 : 5 gull

Harald Westerheim M65 1 sølv og 3 bronse

Jan Henriksen M70 : 1 gull og 2 bronse

VM Sprint Masters i Astana :

Onar vart sølv i M65.

Jan fekk 4. plass samanlagt i M70

VM Allround Veteranar i Stavanger:

Onar vann sølv i M65 (21 delt)

Harald 9. pl. i M65

Jan 7.pl i M70 17(delt)



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Masters Erfurt

Onar nr 2 M65 (11 delt)

Harald nr 3 M65

Jan nr 3 M70 (10 delt)

Klubben held fylgjande noregs- og verdensrekordar pr. 31.01. 2014

Verdensrekordar :

Onar M65 Sprint firkamp 173,390

Onar M65 Stor firkamp 186,732

Noregsrekordar :

Onar M65 5000m 8,02.09 Hamar

Onar M65 10000m 16,34,60 Stavanger

Kretsrekordar :

Det vart også sett fylgjande nye kretsrekordar i 2014:

Jan Aas M45 1000m 1.21,94 Calgary

Jan Aas M45 1500m 2.04,58 Calgary

Jan Henriksen M70 500m 45.78 Stavanger

Jan Henriksen M70 1000m 1.33.00 Stavanger

Jan Henriksen M70 1500m 2.27,49 Stavanger

Jan Henriksen M70 3000m 5.26.63 Stavanger

Årsbeste 2014	500	1000	1500m	3000m	5000m	10000
Kjell Håvard Belsvik M45	42,07	1.24,56	2.13,44	4.37,96	8,24,75	
Jan Aas M45	41,76	1.21.93	2.04,58	4.37,09	8.37.57	
Onar Westerheim M65	44.16	1.28,88	2.15.72	4.46,25	8.12,66.	
Harald Westerheim M65	48,21	1.35,94	2.24,61	4.59,88	8.39,72	
Frank Einar Pedersen M65	51,07	1.42,66	2.34,98	5.30,34	9,58,16	
Jan Henriksen M70	45.78	1.33,00	2.27,49	5.26,63	9,50,62	



Årsmelding 2014 – Stord Volleyball

2014 har vore eit godt og aktivt år for Stord Volleyball. Det er mykje positiv aktivitet i og rundt laga, Utfordringar er knytt til rekruttering på gutesida og styrking av trenarapparatet. Økonomien er god, og gruppa ønskjer å jobbe meir systematisk med rekruttering.

STYRET

Svein Andersland - leiar
Turid Verdal - økonomiansvarleg
Aud Jorunn Vedøy - kursansvarleg
Knut Ove Handeland - material- og sponsoransvarleg
Frode Dyrhol - kioskansvarleg
Frida Thorkildsen Solhaug - yngre representant

Styret har hatt møter om lag ein gong i månaden. Styret vil nytte høvet til å takke medlemar, føresatte og andre som er med og hjelper til på dugnadene Kværner HobbyVolley og yngre serierunde på Vikahaugane.

Volleyballgruppa ved leiar har møtt fast på hovudlagsmøte. Svein Andersland var og medlem av valkomiteen i Hordaland Volleyballregion.

MEDLEMAR

Det var registrert 81 medlemar i 2014. Dette er ein nedgang på 10 medlemar frå 2013. Nedgangen skuldast først og fremst generasjonsskifte og sviktande rekruttering på gutesida.

LAGRAPPORTAR

Damer senior 2. divisjon

Sesongen 2013/2014 enda med 5. plass i seriespelet med sigrar i 6 av 14 kampar, og på sesongens rankingturnering enda laget på 6. plass. Samla sett, seriespel og rankingturnering, endra laget til slutt på 5. plass av 8 lag. Laget har hatt ein stabil tropp med ei erfaren grunnstamme. Laget har hatt to treningar i veka, med spelande trener Gry Tuset.

Sesongen 2014/2015 har variert stort i prestasjonar og tal på spelarar. Dette har nok prega resultata i serien. Per 31.12.2014 låg laget på 6 plass, med 2 sigrar av 6 kampar. På rankingturneringa, som vart arrangert i desember, enda laget på 5 plass. Laget har hatt to treningar i veka, med spelande trener Gry Tuset.

Herrer senior

Herrelaget har også i år deltatt i 3.divisjon etter at dei takka nei til opprykk til 2.divisjon etter andreplassen forrige sesong. Grunnen til at laget takka nei var uvissa omkring kven som kunne vere med til hausten, samt korleis det vart med trenar. I løpet av sommaren ordna mykje av dette seg, då Øyvind L. Storebø flytta tilbake til øya og tok på seg trenaransvaret. Nær sagt alle som hadde vore med forrige sesong hadde og bestemt seg for at dei ville vere med vidare. Etter eit lagmøte tidleg på hausten vart laget einig om at i år skulle dei gå heilt til topps i 3.divisjon.

3. divisjon består av fire serierunder, der totalt antal rankingpoeng frå desse serierundene avgjer kva plass ein får. Etter dei to første turneringane på hausten leda stordherrane 3.divisjon, utan å



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

ha tapt ein einaste kamp eller sett. Grunna god spelarstall i år vart det forsøkt å stille med to lag på turneringane, slik at dei som har litt igjen for førstelagspel, kan få kamperfaring. Dette lukkast ein med på dei to siste serierundane. 3. turnering var på heimebane, og også den vann herrane utan å tape kamp eller sett. I siste serierunde stilte stordherrane med redusert mannskap, då dei mangla både leggar og diagonal. Dette første til at herrane gjekk på sitt første og einaste tap for sesongen, og dei havna på 3.plass i siste turnering. Men denne hadde ingenting å seie for stordherrane, då dei allereie var seriemestarar før siste serierunde.

Etter endt sesong har stordherrane bestemt seg for at dei no vil ta steget opp i 2.divisjon. Det har i år vore mange juniorspelarar i stallen, då det er mangel på guttespelarar i klubben. Dette har ført til at det vart lite speletid for fleire av dei i starten av sesongen. Men det vart etterkvart organisert eit ekstra lag i dei to siste turneringane, slik at desse også skulle få mest mogleg kamptrening. Trenar ser mykje framgang blant alle juniorane, og merkar seg at samanlikna med hausten 2014 så har alle juniorane utvikla seg til å bli betre spelarar og mestrar øvelsar og speleteknikkar som dei ikkje kunne berre for nokre månadar sidan. Men det hadde sjølvstøtt vore kjekt å fått fleire juniorspelarar med, slik at dei kunne deltatt i seriehelger mot lag på sin eigen alder. Det er også viktig å få auke rekrutteringa på gutesida, då det ofte etter kvar sesong er uvisst kor mange av veteranane som kan vere med neste sesong og dermed om det er nok folk til å stille med herrelag.

Øyvind L. Storebø, trenar

Gutar U17

Gutar U17 utgjorde både nye og meir erfarne spelarar. I seriespelet vart laget nr fire (fem?), med tidvis godt spel. Laget har hatt to faste treningar i veka, der også spelarar i U19-alder har vore med. Alle har hatt tilbod om å trene med herrelaget i tillegg. Bra treningsoppmøte og god innsats gjennom sesongen. For sesongen 2014/15 har det dessverre ikkje vore nok spelarar til å stille med U17-lag i serien. Trenar (og oppmann) har vore Svein Andersland.

Jenter U17 (2013/14) og U19

Våren 2014 så hadde me eit U17 lag med spelarar født 97 og 98. Laget trente to gonger i veka. Jentene har hatt godt oppmøte på treningane og har vore flinke til å inkludere nye. Trenar var Knut Ove Handeland, oppmann er Anne Jorunn Kvamme. Etter sesongen 2013/14 så vart spelarane flytta over til U19.

Våren 2014 vart det eit U19-lag med påfyll av U17-spelarar for å kunne danne fullt lag. Treningane gjekk parallelt med U17-laget, med ei fellestrening og ei separat trening. Trenar og fungerande oppmann for laget var Siw Haaland Pedersen, i lag med Knut Ove Handeland. Hausten 2014 så vart J17 spelarane flytta opp som J19 spelarar. Me starta ut med 11 spelarar. Trenar har vore Knut Ove Handeland. Kjetil W. Djuve og Svein Andersland har vore gode hjelpetreningar og hadde ansvaret ein månads tid med fokus på teknikk og systemspel. Det har vore varierende oppmøte på treningane noko som har vore utfordrande. Likevel så har laget hatt god framgang ikkje minst med tanke på systemspel. Anne Jorunn Kvamme har vore oppmann.

Knut Ove Handeland, trenar

Jenter U15/17

Då me starta sesongen på hausten hadde me bestemt oss for å melda på eit U17 lag i seriespel. Ettersom vekene gjekk vart me berre fleire og fleire, ofte var me mellom 16 og 18 jenter på trening. Ivrigte spelarar som fann tonen med kvarandre på tvers av skular og alder. Me har i år jenter i alderen 13 til 16 år. Me trener to timar to gonger i veka. Første serierunde stilte me med



eit U17-lag. Mange ville vera med, så neste runde vart det to turar til Haukelandshallen, ein dag med U15 og ein med U17. Ferske spelarar i U15 fekk prøva seg og klarte seg godt, noko tap og ein siger, var nøgde med det. U17 har fleire spelarar som har prøvd seg ein sesong tidligare. Godt spel og spennande kampar, både seier og tap også her. Då tredje runde nærma seg ser me at fleire av spelarane våre er opptekne på fleire aktivitetar, og me stiller med kun eit lag, U17. Ein kjekk tur til Sotra. Til siste seriehelg i Norheimsund har me som mål å få premie med oss heim.

Aud Jorunn Vedøy, trenar

Jenter U13 minivolleyball

Me er no inne i vårt tredje år med eit tilbod om trening 1 gang pr. veke til dei aller yngste jentene. Etter oppstart i februar 2013, har det vore ei stabil stamme med spelarar som fortsatt er med. Nye spelarar er komme til, medan andre kun har vore med i periodar av sesongen. På slutten av fjorårssesongen var det om lag 15-17 spelarar med. I inneverande sesong har det vore noko færre, men på vårparten er det no igjen 15 stk på trening. Dette inkluderer fleire gutar, 4-5 stk, som også møter stabilt på trening.

Spelarane utviklar seg og viser flott framgang. Førre sesong deltok laga i seriespel "med hold" (lov til å halde ballen 1 gong), medan dette året avsluttast med begge laga i vanleg seriespel. I sine respektive divisjonar (2. og 4. div.) har det gitt både seirar og tap, men først og fremst eit sosialt godt lag både på trening og deltaking i seriehelger. Ei seriehelg blei avlyst pga. kraftig uvær, slik at denne sesongen blei det berre 3 seriehelger. Som ei liten erstatning for dette, vil difor eitt lag delta i regionsmeisterskapet 15. mars 2015.

Treningane denne sesongen har også inkludert nokre gutar i same alderstrinn. Forhåpentlegvis kan desse stille med eige lag neste sesong. Gir god rekruttering for volleyballen i komande år. Trenarar denne sesongen har vore Ingvild Handeland, Frida Thorkildsen Solhaug, Per Øystein Kannelønning og Kjetil Djuve. Ingvild og Frida er J19-spelarar som i tillegg til eigne treningar har vore med som trenarar for dei yngste. Dei har her gjort ein kjempeflott innsats, og syner seg som gode trenaremnne. Dette er ein viktig del av volleyballgruppas strategi med å sleppe til yngre trenar for dei yngste. Samtidig har fleire foreldre delteke i salen ved sida av hovudtreninga. Dette er noko me har opplevd som bra, både sportsleg og sosialt. For dei aller yngste/nybyrjarar bør dette framover vere ein klar strategi som volleyballgruppa satsar enno meir på. Ei konkret marknadsføring der ein syner korleis foreldre/barn på denne måten vert involvert saman på trening. Kan best gjennomførast ved ein variasjon der delar av treningane er open for spel (foreldre), medan andre trener teknikk etter behov (trenar frå volleyballgruppa). Slik kan ein lære volleyballsporten å kjenne gjennom trygge og sosiale rammer. På denne måten vil ein styrkja rekrutteringsarbeidet ved å nå dei aller yngste tidlegare og ikkje minst involvere foreldre på ein positiv måte.

Kjetil Djuve, hovudtrenar

TALENTSAMLINGAR

Regionen inviterer til opne talentsamlingar. Ivar Utbjøe Andersland (U15) har delteke på fire slike samlingar, og vart tatt ut til regionslaget til Hordaland for NM U16 i Oslo i januar 2015.

KLUBBSAMLING MED REGIONEN

17. september vart det arrangert klubbssamling på Stord. Dette er eit initiativ frå regionen, som stiller med trenarar og inviterer til klubbmøte etterpå. På trenarsida var mellom anna Nyborg- og landslagsspelar Cato Siljander. På samlinga på Stord var det også deltaking av spelarar og

trenarar/leiarar frå Sveio. Fint opplegg og god inspirasjon for vidare arbeid med den flotte sporten vår.

LOKAL MINIVOLLEYBALLSAMLING MED SVEIO

13. oktober vart det arrangeret felles trening og turnering med dei yngste spelarane frå Sveio. Terminlista legg opp til slike lokale samlingar, og denne gongen var det Stord sin tur å invitere Sveio. Mykje bra speglede, med pizza og diplomutdeling i Idrettsstovo etterpå. Flott at Sveio stiller opp på dette!



Figur 1. Flott representantar for volleyballsporten, frå Stord og Sveio.

ARRANGEMENT

Kværner HobbyVolley

I 2014 har gruppa arrangert to Kværner HobbyVolley-turneringar, 22. mars med 34 lag og 25. oktober med 34 lag. Dette er eit påmeldingsnivå me er godt nøgde med. HobbyVolley fekk i 2014 Kværner Stord som hovudsponsor, med dertil namneskifte.

Yngre serierunde nr tre 11.-12. januar

Stord arrangerte Yngre serierunde nr tre 11.-12. januar for U17 og U19/herre 3. divisjon. Dette var første gang gruppa arrangerte U13-serierunde med tre langnett og ni banar i Gamlehallen. Sjeldan har det vore så stort volleyballtrøkk i Gamlehallen som denne laurdagen. Mykje folk på banane og tribunane gjorde dagen både intens og artig.

Generelt er både medlemmar og foreldre i sving på dugnad under arrangementa, som gjev viktige inntekter til drifta av volleyballgruppa.



Figur 2. Første U13-serierunde på Stord. 45 lag deltok med 120 kampar på 9 banar med tre langnett i Gamlehallen.

KURS

Det har ikkje vore arrangert dommar- eller trenarkurs i regi av gruppa i 2014. I staden for har regionen arrangert Trenar 1-kurs etter ny mal frå Norges Volleyballforbund. Aud Jorunn Vedøy og Svein Andersland har gjennomført kurset, som gjekk over to helger i Øystese.

SOMMARLEIRAR, ANDRE VOLLEYBALLTURAR

Det har ikkje vore deltaking på sommarleirar i 2014.

I august drog fem stk frå Stord på fellestur med andre klubbar i regionen til Wagner Memorial, ein firenasjonars herreturnering i Polen. Turid Verdal, Jørgen Endseth Nerland, Håvard Utbjøe Andersland, Ivar Utbjøe Andersland og Svein Andersland fekk god inspirasjon med topp internasjonal volleyball med 15.000 tilskodarar i nye Krakow Arena.

SANDVOLLEYBALL

Volleyballgruppa gjennomførte ny dugnad på banen i mai. Her vart det rydda, malt vegg og sett opp ny benk på vegg. Banen er aktivt nytta av medlemmane, men ingen spelarar har delteke i seriespel i sandvolleyball sommar 2014. Gruppa hadde også dette året reservert to treningstider. Generelt har sandvolleyball godt potensiale for rekruttering, og er noko gruppa ønskjer å utnytte betre.



Figur 3. Dugnad på sandvolleyballbanen, 13. mai 2014.

NETTSIDER OG SOSIALE MEDIUM

Volleyballgruppa er aktiv, kanskje den mest aktive, brukaren av nettsidene under hovudlaget. I tillegg er gruppa synleg på Facebook med ei hovudsida, i tillegg til laga sine eigne FB-grupper. Facebook er eit viktig sosialt medium for å spreie informasjon og kommunisere med volleyballinteresserte, mellom anna i samband med HobbyVolley-arrangementa.

UTSTYR

I 2014 har det vore kjøpt inn følgjande utstyr: 1) Draktsett til alle lag, 2) Dommarfløyter, is, teip mm, 3) Mikasa rekrutteringspakke (school-ballar, ballkorg mm).

REKRUTTERING

Rekruttering er eit viktig tema for gruppa. På jentesida er det god rekruttering på både U13, U15 og U17. På gutesida har rekrutteringa meir eller mindre stoppa opp. Generelt ønskjer gruppa å jobbe meir systematisk med rekruttering i alle årsklasser.

UTSTYRSAVTALE OG KLUBBKOLLEKSJON

Gruppa inngjekk på hausten ein fireårig samarbeidsavtale med hummel og Sport1 på Amfi Stord Senter. Avtalen gjev innkjøps- og rabattordningar på klubbkolleksjon til medlemar, felles klubb- og lagkjøp og klubb- og medlemsomsetnad i butikk. Dette er den første avtalen av denne typen gruppa har inngått.

HEIDERSMERKE

Det er gledeleg at følgjande representantar frå volleyballgruppa kunne motta heidersmerke i bronse og blommar på årsmøtet for hovudlaget: Kjetil Djuve, Odd Breirem, Gry Anette Tuset, Jørgen Endseth Nerland og Nina Sørli. Gratulerer til alle fem! Fra før har berre Lars Eide mottatt heidersmerke som representant for volleyballgruppa.

100-ÅRSJUBILEET TIL STORD IL

Volleyballgruppa fekk tildelt oktober månad som sin presentasjonsmånad i Bladet Sunnhordland. Dette førte til god intern aktivitet med rydding i arkiv for å nøste opp historia til gruppa og sentrale personar sidan starten i 1978. 10 kandidatar vart valgt ut til kåring av «hundreårets volleyballhelt». Avstemminga i avisa kåra Lorentz Kannelønning som klar vinnar. Lorentz starta det organiserte volleyballmiljøet på Stord, og er ein velfortent vinnar!

Volleyballgruppa markerte seg elles i 17. mai-toget og på avslutninga av jubileumsåret som del av turnoppvisninga i desember. Av arrangement vart det forsøkt å etablere ei ny turnering, UngVolley, lagt til dagen etter Kværner HobbyVolley 26. oktober. UngVolley skulle vere ei turnering for ungdomsskular og vidaregåande skular i Sunnhordland. Invitasjonar vart sendt ut til alle skular på e-post, i tillegg til personleg frammøte på fleire skular og utdeling av invitasjonar i klassar på Stord. Det vart likevel for få lag til å at det var



Figur 4. Lorenz Kannelønning vart fortent stemt fram som hundreårets volleyballhelt.

mogleg å gjennomføre turneringa. Det var sjølvsagt skuffande, men ga samstundes nyttige erfaringar i forhold til å vidareføre idèen om å arrangere lokal turnering for skuleungdomar.

ØKONOMI

Volleyballgruppa har hatt eit svært godt økonomisk år i 2014, og har likvide midlar til å utbetale kostnader gjennom året. Drifta og budsjettet har vakse dei siste åra, og ein satsar på å dekke kostnader gjennom sponning og sportslege arrangement. I året 2014 har ein gjennomført fleire gode arrangement og jobba godt for å skaffe gode sponsormidlar. Utgiftene er knytt til halleige, kampavvikling, trenarhonorar, utstyr, kurs og andre utgifter som inkluderer nøklar itl styrkerom/hall, annonsar, interne arrangement med meir. I løpet av året har gruppa si inntekt auka monaleg i høve til tidlegare år, og ein har hatt eit overskot på ca kr 90.000,-.

Inntektene kjem frå arrangement, treningsavgift og støtte/sponsor/dugnad. Den siste posten inkluderer sponsorstøtte frå Kværner, dugnad med sal av brukte kontormøblar, støtte for gjennomføring av arrangement frå Hordaland Volleyballkrets, støtte for kjøp av utstyr frå Norges Volleyballforbund, og støtte frå hovudlaget (årleg støtte og for 100-årsjubileum).

Resultatet frå 2014 viser etter finans eit større overskot, og over det som er normalt. Styret ønskjer å nytte overskotet til rekrutteringstiltak og kjøp av utstyr/vedlikehald av eksisterande utstyr. Gruppa har generelt ein sunn økonomi og fornuftig pengebruk.

Gruppa har tatt i bruk Superinvite som nettbasert system for medlemsregistrering, betaling av treningsavgift og påmelding til Kværner HobbyVolley og andre arrangement. Dette fungerer svært bra.

Leirvik, 10. mars 2015

Svein Andersland
Leiar Stord Volleyball



Figur 5. Juleavslutning med turneringsspel, 15. desember 2014.





ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2013

Utvalet har hatt 2 møter med planlegging av dagar og tider for prøvane vart bestemt.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvalder om høsten kor deltakarane har kunne avlagt prøvane.

I året 2013 var det 41 som greide krava. Det er en liten nedgang fra i fjor.

Me håpar at det vil bli fleire som tar disse prøvane.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Merka vart delt ut på den årlige tilstellinga me har i Idrettstova.

I år som i fjor så var det deltakarar frå Trott. Veldig kjekt.

Desse har vore i utvalet i 2013: Gisle Tjong, Per Lunde, Sigurd Riise, Nils Søvold, Johannes Belsvik og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Sunnhordland.

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk gjeng som er med her.

Kjekt å jobba med dei.

Ser fram til ein ny periode.

Helsing

Marit S. Cruickshanks

Avlagte idrettsmerkeprøver i 2014

NAMN	Født	Adresse	Lag	Ant.	Merke
LEIF ARVID GROV	51	Grov, 5414 STORD	Stord I. lag	3	
VIDAR SKULSTAD	55	Langlandsåsen 7, 5412 STORD	---«---	5	Sølvmerket
NILS SØVOLD	37	Midthaugen 24, 5411 STORD	---«---	10	
ØYVIND BJØRKÅS	49	Rustungveien 50, 5416 STORD	---«---	46	
MAGNE SAKSEID	50	Hjortåsen 90, 5412 STORD	---«---	36	
OVE KVALNES	51	Studalsmyro 42, 5417 STORD	---«---	18	
KÅRE ROALDSKVAM	31	Roleghaugen 1, 5416 STORD	---«---	52	
MALVIN HANDELAND	44	Hystadveien 127, 5416 STORD	---«---	27	
HARRIET TVERDERØY	47	Kappelen 2, 5410 SAGVÅG	---«---	36	
JAN BØE	40	Sandbrekko 10, 5411 STORD	---«---	49	
KRISTOFFER LIEN	38	Lyhaugen 17, 5417 STORD	---«---	5	Sølvmerket
HARALD HAUGEN	39	Tyselio 18, 5416 STORD	---«---	51	
MARIE AASHEIM	46	Haugen 3, 5412 STORD	---«---	41	
PER LUNDE	46	Øvre Dalen 18, 5416 STORD	---«---	36	
SIGURD RIISE	47	Nesjaberget 14, 5417 STORD	---«---	33	
TOVE VIKANES AGDESTEIN	64	Ås 18, 5417 STORD	---«---	15	Idr.m.statuetten
DAG KJETIL LÆGREID	60	Aslaksbrekko 14, 5416 STORD	---«---	1	
GERDA MALENE ØEN	52	Borggt. 63, 5417 STORD	---«---	27	
JAN OVE ØEN	49	-----«-----	---«---	35	Vet. Skjold Sølv
MARIT SÆTRE CRUICKSHANKS	51	Sponevikvn. 2, 5411 STORD	---«---	3	
MALENE ØEN	83	Borggt. 65, 5417 STORD	---«---	1	Bronsemerket
MAGNE JOSTEIN MIKKELSON	52	Lønningsåsen 13, 5417 STORD	---«---	1	Bronsemerket
JON MAGNE BRATSETH	59	Hadlabrekko34, 5417 STORD	---«---	2	
MARTA S. OTTESEN	58	Midthaugen 9, 5411 STORD	---«---	2	
ERIK SKAR	43	Kringsjå 30, 5417 STORD	---«---	45	
STEINAR NORDHUS	48	Langlandsåsen 9, 5412 STORD	---«---	29	
BJARTE NESBØ	71	Myrateigen 25, 5412 STORD	---«---	26	
EMMA H. NESBØ	45	Hystadbakkjen 21, 5416 STORD	---«---	48	
ODDBJØRN KVÅLSVOLD	40	Kringsjå 48, 5417 STORD	---«---	6	
KRISTIAN LUNDE	36	ÅS 12, 5417 STORD	---«---	56	
HANS E. SAUE	59	Trodlahaugen 144, STORD	---«---	5	Sølvmerket
JOHANNES BELSVIK	35	Heio 12, 5417 STORD	---«---	45	
TORILL MOSHEIM	65	Nedre Hageby 35, 5411 STORD	---«---	4	
ASLAUG GROV ALMÅS	72	Sjoarbakken 20, 5411 STORD	---«---	21	
GURO LUND	76	Valevegen 56, 5416 STORD	---«---	11	
ANDERS GROV NILSEN	74	Valevegen 56, 5416 STORD	---«---	21	
ARNE OTTESEN	73	Rusti 8, 5416 STORD	---«---	15	Idrettsmerkestat.
ØYVIND OLSEN	56	Grov, 5416 STORD	---«---	2	
FINN ARNOLD OLSEN	47	Strongalio 6, 5414	---«---	24	
HALLGEIR MATRE	53	Sjonarveien 22, 5416 STORD	---«---	30	Idr. M.hederspr.
HELGE DAHL	53	Lauvdalen 93, 5412 STORD	---«---	28	



FOTBALL

ÅRSMELDING 2014



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Årsmelding for Stord Fotball 2014

Stord Fotball har i 2014 hatt det femte året som eit eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9. desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Samla var det 50 lag i Stord Fotball i 2014, då medrekna senior menn med to lag og likeeins to damelag. Dette er ein reduksjon på 15 lag frå 65 i 2013.

Det var registrert 640 medlemmer i 2014. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 150 engasjerte kvinner og menn. Målt i lag og medlemmer er me mellom dei største klubbane i Hordaland.

Det har i 2014 vore to ekstraordinære årsmøte. Eitt i januar kor auke av treningsavgifta og låneopptak for finansiering av nye garderobebygg på Vikahaugane og Langeland vart handsama. Eitt i august kor val at nye styremedlemmar og valkomite stod på sakslista.

Harald Kristiansen har vore dagleg leiar i 2014. Han slutta ved årsskiftet 2014 / 2015 og vart erstatta med Roger Matre. Jon Andre Røyrane har vore tilsett i Stord Fotball som «altmuligmann» og har vore aktiv på treningsfeltet og talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa.

Visjon og målsetting

Vår visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ambisjonar om å være ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune kor identitet, nærleik, kvalitet og utvikling skal vere førande for vår aktivitet.

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ønskjer å spela fotball, og medverke til at born og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I barnefotballen ønskjer me å gi borna ei positiv oppleving av meistring saman med vener i eit trygt og kjent miljø. For ungdomsfotballen ønskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål om at fotballen vil vere ein arena kor både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lagspel og individuell utvikling kor god helse og fysikk i sunn konkurranse med jamnaldrede er bærekrafta.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trene meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmar. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for born og ungdom saman med Sunnhordland Toppfotball AS i "Talentskulen", "Jenteløftet" og "Teknikkskulen", samt "Akademiet" (Fotball SFT) for dei yngste, ønskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Stord Fotball har i 2014 lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspillarar i regionen.

Stord Fotball har i 2014 utarbeidd «Spelarutvklingsplan 7 – 19 år» også kalla «Sportsplan» med Kjell Petter Neset som initiativtakar og forfattar. Sportsplanen har som mål å gagne barne- og ungdomsfotballen i Stord Fotball gjennom ei fornuftig og målretta opplæring i eit godt miljø for alle. Sportsplanen er vedteken av styret og legg føringar for den sportslege aktiviteten i Stord Fotball både når det gjeld breidde og topp. Du finn planen på nettsida vår. Styret nyttar høvet til å takke Kjell Petter for initiativet og resultatet.

Damelag

Etter at opprykket til 3. divisjon rauk på målstreken for vårt damelaget i 2013, var det ei klar målsetting å prøve på nytt i 2014.

Det vart frå vinteren 2013/14 lagt vekt på å få eit godt treningsgrunnlag med fokus på ressurs i første treningsperioden. Me kom godt i gang på treningsfeltet og la opp til tre treninger i veka. På papiret hadde me ca.40 spillere. Det vart meldt på to damelag i 4. divisjon ; «Damer 1» ble påmeldt i Hordaland og «Damer 2» i Rogaland. Me deltok i Kopervik sin vintercup for 3. og 4. divisjonslag der damene våre gikk heilt til finalen kor det imidlertid vart tap mot Vidar (3 divisjon). I påsken reiste heile damegruppa (med unnatak av nokre få spillarar) til Barcelona på treningsleir og cupspel. Det vart eit minnerikt opphald både sosialt og sportsleg, kor det også i denne cupen vart tap i finalen. Denne gongen for et spansk damelag.

Storddamene viste gjennom cupar og treningskampar at det skulle vere mogeleg å nå målsettingen om opprykk. Det einaste uvisse var at nokre sentrale spillarar sleit med skader, som kunne vere avgjerande for utfallet i ein eventuell opprykkskamp. Me hadde tidleg på vinteren mista vår midtstopper og kaptein til ST, men dette gav også plass og rom for andre til å vise seg fram og ta meir ansvar.

Damer 1 havna i ei vårpulje med Halsnøy, Rosendal/Trio, Solid/Trott og Rubbestadneset. Dei to beste her ville vere kvalifisert for ei opprykkspulje til hausten mot dei to beste laga frå dei to andre 4. divisjonspuljene. Første seriekamp starta oppskriftsmessig med 7-0 seier over Halsnøy, og når vårsesongen var ferdigspilt hadde Stord Fotball vunnet pulja 2 poeng føre Rubben på andre plass, og med heile 11 poeng ned til Rosendal/Trio på tredjeplass.

Damelaget var soleis kvalifisert til opprykkspulje i haustsesongen saman med NEK, Askøy, Rubben, Bjarg og Åsane 2. Dei to beste laga ville rykke direkte opp i 3 div. Me henta inn Emilie K. Ersland (spiss) fra Rosendal/Trio noko som skulle vise seg å verte ei viktig signering for oss. I den første haustkampen vart det seier 5-0 over Bjarg. Når ein serierunde gjenstod, lå Stord på 3. plass to poeng bak Askøy på andre plass. NEK var da allereia puljevinnar. I den siste og avgjerande kampen skulle me spille heime mot NEK. For å rykke opp måtte me vinne mot NEK samstundes som Askøy måtte avgi poeng borte mot Bjarg. Damelaget gjorde jobben med ein overbevisande og velfortjent 6-0 sier over NEK, men måtte vente spent i 10 nervepirrende minutt på sluttresultat fra Bjarg – Askøy kampen. Meldinga kom om at Askøy kun hadde klart 3-3. Stord kom da foran Askøy på målforskjellen og spillarane, trenarane og støtteapparat kunne slippe jubelen laus for eit etterlengta opprykk.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Damer 2 hadde ein tung sesong i pulje med Djerv 1919, Vard, Haugar 3, Torvastad, Etne og Kolnes. Laget endte nest sist med 10 poeng og ein målforskjell på 37-45.

Damegruppa har stort sett bestått av jenter født i 95, 96 og 97, med få unnatak av eldre og yngre spillarar.

Harald Kristiansen har vore hovudtrenar. Han har hatt med seg Stein Erik Eriksen, Atle Ersland og Nils Bjarte Sætrevik som hjelpetrenarar. Stig-Johnny Leitet har vore lagleiar/oppmann og Øyvind Mellemstrand har hatt ei sportsleg leiarrolle.

Sportsleg helsing

Øyvind, Harald, Stein Erik, Atle og Nils Bjarte

Senior menn

A-laget vart styrka før sesongen med fleire nye spelarar. Jon Andre Røyrane frå islandsk toppdivisjon, Simen og Erlend Grov frå Vard, Tord Harald Skår frå Austevoll og Christian Andre Larsen frå Trott.

A-laget starta oppkjøringa til sesongen tidleg i januar, med 4-5 ettermiddagsøker i tillegg til ei morgonøkt om tysdagen (styrke).

Laget viste mykje bra i treningskampane før seriestart, og slo mellom anna Åsane 3-1 og Odda 6-0.

Tradisjonen tru reiste A-laget saman med 2. laget på treningsleir til Tyrkia rett før påske. Utbytte av turen var som vanleg bra, ikkje minst sosialt mellom laga.

Laget starta sesongen borte mot Vard i Haugesund. Etter ein positiv 1. omgang enda det til slutt med tap 1-2, mot det laget som av mange var rekna som seriefavoritten.

Dette var på ingen måte skremmande, men returen til 2. divisjon skulle vise seg å bli tøff for Stord sitt A-lag. Etter ein tung start, med lite poeng, lausna det midt i vårsesongen med fem strake singlar. Dette gjorde at laget klatra på tabellen og var optimistar med tanke på haustsesongen.

I NM gjekk Stord vidare til 2. runde kor me 7. mai fekk gleda av å få Brann på besøk. Dette vart ein folkefest og heile 2 000 tilskodarar fekk sjå eit positivt Stord lag utfordre Brann til siste slutt. Sjølv om laget tapte 1-2 var det mange som syntes at Stord hadde gjort ein god kamp.

Før haustsesongen vart stallen ytterligare styrka med Christian Brink som kom frå Sarpsborg 08, Vegard Nesse frå Bremnes og Kjetil Eide frå Halsnøy.

Hauستsesongen blei ujamn for Stord sin del. I fleire av kampane følte nok trenarar og laget at dei hadde marginane mot seg. Personlege feil vart hardt straffa på dette nivået og ofte fekk ein uheldige dommaravgjersle mot seg på vanskelege tidspunkt i kampane. Dette gjorde at det ikkje vart så mange poeng, og laget blei liggjande utsett til på tabellen store delar av hausten. Fire serierundar før slutt bestemte styret seg for å løyse Magnar Aaland og Tore Atle Sørheim frå kontrakten i håp om at nye trenarkrefter kunne klare å snu trenden. For styret var dette ei tøff avgjerd og ein vanskeleg prosess. Begge trenarane hadde lang fartstid i klubben og har lagt ned mykje tid og krefter i Stord. Diverre viste det seg at trenarskifte ikkje fekk så stor effekt som ein håpa, og etter at laget tapte mot Lyn i den nest siste serierunda var nedrykket

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



eit faktum. Det positive etter nedrykket var at dei fleste spelarane raskt uttrykte ein sterk motivasjon på å satse vidare i klubben og få laget opp igjen i 2. divisjon.

Stord Fotball sitt 2. lag rykka opp i 4. divisjon etter ein god sesong med gode prestasjonar frå seriestart til sesongslutt.

Sportsleg leiar for Stord Fotballen har vore Holger Iversen

Trenarar denne sesongen har vore Magnar Aaland, Tore Atle Sørheim, Øyvind Mellomstrand og Christian Brink, medan Holger Iversen har tatt seg av keepertreninga.

Lagleiarar har vore Jan Aksnes, Kjell Tore Føyen og Jan Ivar Olsen

Årets Spelar for Stord 2014 Simen Grov

Årets mest framgangsrike spelar for Stord 2014 Jonas Tungeland

Årets Toppskårar for Stord 2014 Morten Hillestad med 17 mål.

Barne og ungdomsfotballen

Barnefotballen

Barnefotballgruppa er delt i lillejente/lillegutt (11 og 12 år) og miniputt (7-10 år).

Lillejente/lillegutt spelar 7er fotball og miniputtene spelar 5er fotball.

Alt i alt var det 36 påmeldte lag i året som gikk, same tal som i 2013..

Me ser at me har for få lag i nokon av dei yngste årsklassane, og da særskilt jentelag frå Langeland. Arbeidet med rekruttering har vore for dårleg i perioden 2011-2013. Dette vart det teke tak i i 2014. Men det må gjerast ein endå betre jobb i 2015.

Barnefotball i Stord Fotball er delt inn i skulekrinsane Langeland, Leirvik og Hystad, men samarbeidet laga imellom i tidlegare årsklassar har økt.

Stord Fotball ønskjer å ha fokus på barnefotballen. Me ser at me ikkje i 2014 har klart alt me sette oss som mål, men me skal i enda større grad prøva å leggja til rette for både lek, moro og fotballfagleg utvikling i året som kjem.

Ungdomsfotballen

Stord Fotball har markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga (13 - 19 år) i sesongen 2014.

Jentene

Jenteandelen i Stord Fotball er stigande og nesten halvparten av dei som er med i barne og ungdomsfotballen er jenter. Jenteakademiet, talentskulen osv er med å gjera sporten endå meir attraktiv, og for denne gruppa.

I tillegg til dette har ein fått på plass gode og aktive foreldre i trenings- og lagleiar rollene. Dette er viktige ressursar for at jentefotballen skal utvikle seg vidare. Bredde avlar topp heiter det, og i mange av alderstrinna greier ein denne kombinasjonen. Stord fotball har den største troppen på sonelaga.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Resultatmessig har J13 og J16 lagt gode resultat bak seg i sesongen 2014. J16 rykte opp til 1. divisjon i Hordaland der dei enda på ein god 4 plass. J13 vann B-sluttspelet i Dana Cup, samt kom på 4.plass i den landsomfattande Adidas Cup'en. J14 har og gjort det bra i løpet av sesongen. I dei yngre laga melder ein om svært god treningsiver og med deltaking i seriar og mange lokale cupar. At Stord sitt damelag rykka opp til 3. divisjon, vil gi endå meir inspirasjon og aktivitet for barne og ungdomsavdelinga. Ser me på enkelt spelarar, har me mange som har utvikla seg svært bra i sesongen 2014. Døme på slike talent er Cille Nilsen, Signe Nielsen, Hannah Stenersen, Martine Mellemstrand, Mathilde Fosse Brekke, Nina Vestbøstad med mange fleire.

Gutane

På gutesida har juniorlaget blitt prega litt av at mange spelarar vart involvert i satsinga til Stord 2 for å oppnå opprykket til 4. divisjon (Stord 2 fekk 2. plass i 5. divisjon og rykkar direkte opp). Dette gav varierende mannskap for juniorlaget gjennom sesongen. Målsetnaden for jr laget vart derfor i starten å halde plassen i 1. divisjon som er øvste nivå i Hordaland. Dette klarte laget med god margin. Størst fare var det i vårsesongen då to lag skulle rykke ned. Av dei 10 deltakande laga kom jr. laget på 8. plass i vårpulja. For mange spelarar var det ei ny erfaring å måtte ta ansvar når dei mest erfarne vart opptekne med 5. divisjonsspel, men vårsesongen gav god læring og i løpet av haustsesongen var det mange som fekk ei flott utvikling. Brått var Stord Fotball blant dei beste. Det heile endte med ein flott 3. plass bak Åsane (KM-meister) og Gneist. Det var bare 3 poeng opp til KM meisteren(!). Juniorlaget reiste i sommar til English International Super Cup i Bolton. Ei strålande veke med sol, nydelege banar og spelarane innlosjert på hotell i Manchester gav klimaks med finalesiger og pokalbøtta med i bagasjen heim. Stord Fotball fekk her høve til å samle sine beste juniorar og det utløyste imponerende fotball som vart lagt merke til i fotballens heimland. Kjell Petter Neset, Harald Kristiansen, Børre Pedersen og Kjetil Skulstad utgjorde trenar- og leiarteam for laget gjennom sesongen.

G16-1 bestod for det meste av førsteårs gutespelarar (fødde i 1999) som i 2013 hadde opplevd mykje suksess med m.a. KM-finale. 2014 vart langt tøffare i ein fysisk tøff 1. divisjon for 16 åringar. Ein siger og 13. plass i vårpulja gav nedrykk frå 1. divisjon til 2. divisjon. Her fann gutane seg meir til rette og fekk etter kvart sjølvttilliten tilbake med mange sigrar og til slutt 4. plass i 2. divisjon. Sommaren deltok laget i Dana Cup (15 årsklasse) der laget viste kvalitetar, men ein god motstandar tidleg i sluttspillet gav cupexit tidleg. Bjørn Are Njøs og John H. Fadnes var laget sine hovudtrenarar.

Stord Fotball hadde dette året ein enorm breidde på gutenivå. Klubben stilte med heile tre lag i seriesystemet. Trenar- og leiarteam kring 2. og 3. lag består av svært mange ildsjeler i klubben og Atle Heggøy, Kenneth Robberstad, Kjell Føyen, Espen Tyse, Trude Vedå, Robert Vørøs med fleire skal ha mykje ros og ære for at dei har klart å motivere så mange ungdommar til å halde seg innanfor fotballen så lenge.

I småguteklassen har Dagfinn Hillestad vore hovudtrenar for G14-gruppa som har utgjort to lag i seriesystemet. Ivar Andre Vedå, Jan Morten Haukefær, Jørgen Hvoslef m.fl har gitt god støtte til trenaren gjennom heile sesongen. Stord G14-1 vann ei lokal 1. divisjonspulje i Sunnhordland i vårpulja og fekk 8. plass i haustpulje 1. divisjon der laget møtte gode bergenslag. Stord G14-2 fekk fin 5. plass.

I sommar var laga deltakarar i Sandar Cup i Sandefjord. Førstelaget var med i eliteklassen og fekk det svært tøft mot veldig gode lag frå både inn- og utland. God læring å spele mot slike

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



lag sjølv om det ikkje vart medaljar eller pokaler! Andrelaget deltok i breiddeturneringa og opplevde både suksess og nedtur.

G13-laga våre var i sesongen 2014 Stord 1, Stord 2 og Stord 3. Sistnemnde lag var eit reint 12 årslag (spelarar fødte i 2002). For 2001-gutane var Håvard Kvarme hovudtrenar med god hjelp frå Ståle Tesdal, Lars O. Waage m.fl som gode hjelparar. Stord 3 vart leia av Atle Nilsen. 13 årslaga er første erfaring med niarfotball og hovudsakleg eit «læreår» i høve til å spele på stor bane osv. Spelarane veksla litt mellom kva lag dei stilte på (2001-gutane av og til på førstelag og somme tider på 2. lag. 2002-gutane veksla mellom 12 årsfotball og 13 årsfotball). Høgdepunktet for 2001-gutane vart sommarturen til Grenland Cup i Porsgrunn der det eine laget kom til finalen (tapte knepent 2-3).

Som ein ser har aktiviteten vore på topp for våre ungdomar på gutesida. Utanom laga har fleire spelarar også markert seg på krinsnivå og nasjonalt nivå. Me framhever særleg Anders Njøs som debuterte på G15-landslaget (gutar fødte 1999). Anders fekk også delta på Statoilleiren for 1999-spelarar i Porsgrunn. Petter Holm Neset vart teke ut blant 20 spelarar som fekk delta på NFF/ Statoil sin Statoilleir i Stavanger. Utanom desse to har Einar Iversen (f. 2001) og Sander Havn (f. 1999) representert Stord Fotball på Hordaland sitt krinslag.

Talentutvikling

Medlemmar i klubben har moglegheit til å prøva seg på Apply Leirvik Talentskule, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Teknikkskulen og Akademiet vart starta i 2014. Apply Leirvik Talentskule er eit tilbod for gutar (5. -10. klasse) og jenter (6. -10. klasse), Jenteløftet er eit treningstilbod for jenter (2. - 5. klasse), Teknikkskulen er eit ekstratilbod for gutar (4. og 5. klasse), medan Akademiet er ei SFO-ordning for gutar og jenter (1. – 4. klasse). Føresetnaden som er satt for å driva eit slikt arbeid er at dette skal vera eit tilbod som kjem i tillegg til det ordinære fotballtilbodet som alle har gjennom sine eigne lag, og at det ikkje skal gå på bekostning av breiddetilbodet.

Sunnhordland Toppfotball AS har drifta og administrert Apply Leirvik Talentskule, Jenteløftet og Teknikkskulen i 2014.

Apply Leirvik Talentskule har no vore i drift i sju år og erfaringa så langt er at dette har vore vellykka med fleire krins-, sone-, og landslagsspelarar i klubben enn me har hatt på mange år. Dette skuldast vel så mykje godt arbeid i eigne lag. Det er samspelet mellom talentskule og lagsarbeidet styret trur er nøkkelen til suksessen. Apply Leirvik Talentskule hadde på hausten 2014 dobbelt (86) så mange elevar frå 6 klubbar som i 2008.

Jenteløftet hadde ved utgangen av 2014 ca. 30 elevar. Den sportslege utviklinga er god. Jentene vart i 2014 trena av spelarar frå a-laget.

Teknikkskulen vart starta opp i september 2014 og vart allereie full (32 elevar) etter ei veke. Den sportslege utviklinga er god. Gutane vart i 2014 trena av spelarar frå a-laget.

Akademiet kom i gang i februar 2014. Talet på elevar varierte gjennom året. I desember var det ca. 30 elevar som gjekk på Akademiet, fordelt ulikt kor mange dagar dei deltar. Aktivitetane på Akademiet vart hovudsakleg leia av spelarar frå A-laget og damelaget.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Tilhøvet til Sunnhordland toppfotball AS

Eit aksjeselskap, Sunnhordland toppfotball AS, som er eit ideelt AS med Kjell Petter Neset som styreleiar, Roger Matre og Robin Øvrevik som tilsette.

Dei overtok ein betydeleg gjeldspost frå Stord/Moster-tida og flytta dermed den økonomisk risikoen ut av idrettslaget og over i AS.

Ein har i AS arbeida målbevisst med å sette tæring etter næring og vise dette overfor både sponsorar og kreditorar for å bygge opp igjen tillit etter Stord/Moster-tida. Ein har og fått utvikla gode og sunne økonomiske tilhøve det siste året sjølv om AS ikkje har drive med nemnande overskot så langt. Eit eventuelt overskot er vedtektsfesta skal tilfalle Stord Fotball i sin heilskap, gledeleg er det at gjelda er nesten nedbetalt.

Sunnhordland toppfotball AS har vore heilt avgjerande for at Stord Fotball har kunna driva på ein så god og målretta måte med seniorherrefotball og talentutvikling, som ein har gjort i 2014.

Det er skrive ein avtale mellom klubb og AS som regulerer tilhøva dei imellom. Denne avtalen er godkjent av NFF.

Avtalen med Sunnhordland toppfotball AS garanterte seniorherresatsinga eit budsjett med ei ramme på 1,3 mill. kr. I tillegg til ein utstyrsavtale for 2013.

I slutten av 2012 inngjekk Stord Fotball og Sunnhordland toppfotball AS avtale om utvida samarbeid ved at AS også tok på seg jobben med å skaffe draktsponsorar for Stord Fotball si ungdomsavdeling. Gjennom avtalen er Stord Fotball garantert eit beløp.

Dei to partane har også inngått avtale i høve til ny utstyrsleverandør som tredde i kraft frå årsskiftet 2012/ 2013. Aksjeselskapet står for sal av eigne produkt i samarbeid med Macron og Skandisport denne sesongen. Overskot ved slikt sal vil også koma Stord Fotball tilgode.

Sunnhordland toppfotball og Stord Fotball har siste halvdel 2014 gjort ei utgreiing av dei økonomiske og organisatoriske konsekvensane av å koordinere aktivitetane under ei samla leing og i ein organisasjon. Frå 01.01.2015 vert Roger Matre dagleg leiar i både Stord toppfotball AS og Stord Fotball, medan Stord Fotball overtek arbeidsgjevaransvaret for Robin Øvrevik.

Anlegg

2014 blei året der Stord Fotball endelig kunne flytte inn i eigne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane.

Stord Fotball teikna ved årsskiftet 2013/ 2014 kontrakt med Engevik & Tislevoll AS for bygging av garderobeanlegg på Langeland og garderobeanlegg / klubbhus på Vikahaugane. Begge bygga vart overlevert frå entreprenør til rett tid sommaren 2014.

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Bygging av garderobeanlegga og klubbhus vert gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, og god hjelp frå sponsorar. Prosjekta er gjennomført innanfor budsjetterte rammer. Stord kommunale eigedom KF har vore ein konstruktiv og viktig samarbeidspart ved gjennomføring av utbygginga. Bygga har allereie vist seg å være ein suksess og begge garderobebygga er no i full bruk og garderobekulturen er allereie begynt å spire i mange av laga.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane har no høg prioritet. Det er eit mål at siste del av prosjektet på Vikahaugane vert gjennomført i 2015 med stor eigeninnsats i form av dugnad.

Med det nye garderobeanlegget står endeleg Langelandsbanen fram som ein fullverdig fotballarena der me stolt kan ta i mot tilreisande lag. Anlegget er mykje i bruk av eigne lag både ungdoms -, junior - og seniorlaga.

Den nye kunstgrasbanen på Ås er no i full bruk og hjelper godt til at trening og kamplogistikken i barnefotballen går i hop.

Oppgradering av Hystad banen vart tatt ut av Stord kommune sitt budsjettet for 2015, og utsett til 2018. Manglande oppgradering av banen avgrensar fotballaktiviteten på Hystad, og utøvarane er meir avhengig av transport til andre anlegg.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane er den mest brukte banen i kommunen. Dekket på banen er slitt, og har ikkje tilfredstillande kvalitet for å førebyggje skadar og belastningar. Kunstgrasert vart lagt for ca 10 år sidan og har ein tilstand som gjer at det bør skiftast ut så snart som mogeleg, noko også ein tilstandsrapport frå Fotballforbundet bekreftar. Oppgradering av banen er finansiert i Stord kommune sin økonomiplan i 2016. Stord Fotball har søkt om tippemidlar, og vil i dialog med Stord kommune prøve å få gjennomført oppgraderinga så snart som mogeleg.

Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2014. A-laget spelte alle sine heimekampar på Stadion.

På grunn av færre lag i Hystad regionen har ikkje Nordbygda banen vore så mykje i bruk av Stord Fotball i 2014. Investeringa Stord Fotball har gjort med innkjøp av mål til banen kjem likevel mange barn og kamparrangørar til gode sjølv.

Sjølv om banekapasiteten er vesentleg betra med nye baneanlegg på Ås og Langeland er me ikkje i mål i forhold til NFF sine måltal for tal på spelarar i klubben. Hystadbanen er i dårleg forfatning, og treng fornying og utbetring. Dette har mellom anna resultert i at Trott har teke ein meir aktivt posisjon i området som soknar til Hystad skule når det gjeld barnefotballen, og har etablert eit utvida tilbod for aldersbestemte lag. Grunngjevinga har vore at det er betre treningsforhold i Prestegardsskogen og ved den nye ungdomsskulen i Nordbygda. Dette har gitt seg utslag i reduserte medlemstal i Stord Fotball dei siste åra. Stord Fotball har historisk hatt ein sterk og god posisjon i Hystadområdet og har som eit utvetydig mål å oppretthalde Hystad som satsingsområde for barnefotballen.

Styret meiner at 2014 har vore eit veldig positivt år for anleggsida til Stord Fotball, sjølv om me har tatt på oss store og langsiktige økonomiske forpliktelsar.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Økonomi

Totale inntekter i 2014 er på 6,2 millionar, mens kostnadsida er på kr 6 millionar. Rekneskapen for Stord Fotball i 2014 syner følgjeleg eit overskot på kr.200.761,-

Den viktigaste grunnen for overskottet er støtte og sponsorer på dei nye garderobane på Vikahaugane og Langeland på over kr 500 000.

Eigenkapitalen er auka frå kr 890 503 pr. 31.12.2013 til kr 1 091 263 pr. 31.12.2014

Stord fotball har hatt avskrivningar på totalt kr 184 647 som skyldas garderober, bussar, ATV og slåmaskin.

Stord Fotball har ein avtale med Stord Kommune vedkomande leie av nybygde garderobebygg på 40 år. Etter avskrivningar har nye garderober på Vikahaugane og Langeland ein bokført saldo på kr 6 094 302

Stord Fotball har lån i Sparebanken Vest på kr 4 454 857, samt eit mellombels lån knytt til forskottering av tippemidlar på kr. 1 500 000 hos GSE Sandvik A/S.

Nokre nøkkeltall henta frå driftsrekneskapen :

- Kontingenter og lagsavgifter til krets kr 85 600.
- Revisjon og rekneskap kr 104 000.
- Rentekostnader kr 100 000
- Forsikringar kr 124 000

Dei største inntektene for Stord Fotball i 2014 er treningsavgift på kr 799 883 og «Puttefestivalen» på netto kr 154 000. Fotballskuler, romjuls cup, dugnad og kiosksal er også særskild viktige inntektskjelder.

Offentlige tilskott LA midlar og meirverdikompensasjon utgjer over kr 400 000.

I tillegg kjem driftstilskottet frå Sunnhordland Toppfotball på over kr 1,7 millionar som er avgjerande for aktivitet – og ambisjonsnivået på seniornivå og talentutviklinga i Stord Fotball.

Budsjettet for 2015, som vert handsama som eiga sak på årsmøtet, har ei total ramme på kr 7,5 mill. som går i tilnærma balanse med eit budsjettert overskot på ca. kr 6 000.

Styret viser til revidert årsrekneskap for 2014 med noter. KPMG er revisor for Stord Fotball i 2014.

Dommarar

Dommarsituasjonen i Stord Fotball er ikkje tilfredsstillande. 14 åringane vert pålagt å ta klubbdommarkurs, mellom anna for å dømme på puttefestivalen og i seriespelet for 5år og 7år fotballen. Alle lag i denne aldersgruppa vert tildelt ein fast dommar gjennom sesongen. Det er vanskeleg å få desse dommarane til å gå vidare og ta rekrutteringsdommarkurs. Det må gjerast eit grundig arbeid her med rekruttering i tida som kjem. Grunnen kan vera så mangt, men tilbakemeldingar frå borna er at det vert for lange avstandar når dei skal dei dømme kampar i 11år serien, og at dømminga tek for mykje tid med tanke på at dei fleste også er aktive fotballspelarar. Eit medlem i Stord Fotball tok rekrutteringsdommarkurs i 2014. Stord Fotball har inngått samarbeid med Solid om å arrangera dommarsamlingar annakvar månad, og vil i 2015 prøve å etablere eit eiga prosjekt for å betre dommarsituasjonen.

Kurs og utdanning

Trenarutdanning får trenarane tilbod om gjennom e-post og på heimesida til Stord Fotball. Samstundes vert tilbod om kurs og vidareutvikling teke opp på trenarforum og lagleiar møte. Nokre har gjennomført einskilte delkurs i 2014. Me hadde i tillegg fleire påmeldte til delkurs III som vart avlyst grunna for få påmeldte frå dei andre klubbane. Nye moglegheiter kjem i 2015.

For styremedlemmer og andre aktive medlemmer vert det også gitt tilbod om å ta leiarkurs. I 2014 fullførte to medlemmar «Leiarkurs 1» og ein person fullførte i tillegg «Leiarkurs 2». Her er det absolutt eit betringspotensiale om Stord Fotball skal tilførast ny kompetanse.

Klubbutvikling

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp». Styret vil mellom anna byggje vidare på den filosofien som har gjort Sunnhordland Toppfotball AS til ein suksess, og har stor tru på positive effektar av ei samordning av aktivitetane i AS et med Stord Fotball.

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Spikerbua» med fotballstova som møteplass, samt ferdiggjering av klubbhuset i andre etasje i garderobebygget. Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjerings om kven me er og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå. Me ser fram til mange gode stunder på Langeland, Hystad, Ås og Vikahaugane.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Apply Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFT) for dei yngste,

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ønskjer eit opent og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2014.

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette både i Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball AS med innsatsen i 2014. Me ser alle fram til ein spanande fotballsesong i 2015 med Roger Matre i den administrative hovudrolla.

Sportsleg helsing styret i Stord Fotball

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2014 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Årets sesong har vore har sportsleg sett vore på det jamne for den eldre garden. På ungdomssida så har Stian Rykkje levert gode resultat, det jobbast godt i rekrutteringsgruppa og det er fleire både jenter og gutar som begynnar å få god fart i løypa. Økonomien held seg sunn og viser eit solid overskot på drifta også i år.

I sesongen 2014 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	: Henrik Ottesen
Kasserar	: Nina Hagerup
Styremedlem rekruttering	: Sveinung Rykkje
Styremedlem kart	: Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	: Arnfrid Skjæveland
Varamedlem	: Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Karråd	: Åge Hovden, Sveinung Rykkje, Johnny Aasheim
Materialforvaltar	: Kenneth Westerheim
Rankingfører	: Stian Bratseth
Rekruttering:	: Sveinung Rykkje, Bjarthe Westerheim og Gunn Kjersti Røgenes
Turorientering	: Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	: Jarle Halland, Bjarthe Westerheim, Linda Rykkje
Valnemnd	: Arne Henrik Hovden, Eli Rafdal , Tove Agdestein

Arrangement

Stord Orientering har avvikla følgjande terminfesta løp i 2014-sesongen:

- Nasjonale løp: Distriktmeisterskapet
- Kretsløp: Kristtornløpet
- Nærløp: Kristtornspretten, Sparebankløpet, 50-talsløp
- Lokalløp: 7 rankingløp, 3 sprintløp, 3 nybyrjarkaruselløp, 6 gateløp og 4 nattløp

Det har i år vore 131 deltakatar som har delteke på eitt eller fleire løp. I gjennomsnitt har det vore 52 deltakarar på rankingløpa, med flest på 2. rankingløp der det var 68 deltakarar. Vinterløp har også blitt gjennomført, som gatesprintløp og nattløp.

Ungdom og rekrutt

Treningar

O-skulen på Leirvik skule hadde stabilt rundt 20 deltakarar gjennom vinteren. Aldersgruppa er mellom 8 og 16år. Denne aktiviteten starta september 2012 og pågår frå o-sesongen sluttar på hausten, til den startar opp i april. Her er det o-tekniske økter kvar gang. Gruppa deles ofte i to for utvikling på ulike nivå. Me starta i år opp med treneransvar for ungdom på deler av treningane.

Torsdagstreningar frå Vabakken er for aldersgruppa 12+. Denne treninga har enkelte o-tekniske økter og kondisjonstrening. Her har det vert rundt 12stk på kvar trening. På sikt vil me også her få dei eldste



Årsmelding 2014 – Stord Orientering



I allianse med Stord allianseidrettslag

ungdommane til å delta med treningsansvar, for å sikre kontinuitet og utvikling i gruppa. Ungdomstrenarar har frå 2014 av rett på trenarhonorar/lønn for øktene dei er utpekt til trener/hjelpetrener.

Samlingar

På Bergen sprint camp stilte me med 10 deltakarar og desse reknar også med å være med neste år.

Nybyrjarkurs hadde me 2.april. Denne dagen var det teori, medan praksis var på Kristtornløpet 6.april. Dei fleste deltakarane på dette kurset var med for opplæring av kart og kompass i forbindelse med turorientering og har dermed ikkje stilt opp på seinare løp. Det vil også for 2015 bli arrangert nybyrjarkurs i starten på sesongen.

O-troll leir på Lundarstølen 28.-29.mai var også i år ein kjekk samling for dei yngste i Fitjar, Solid og Stord. Rundt 20 deltakarar og med ungdommen i klubben med som trenarar.




Under treningssamling på Voss i pinsen var det kun 4 ungdommar med. Me satsar på fleire deltakarar på treningssamlingar neste år.

På Odda 2.dagers samla me ein fin gjeng på 17stk der dei fleste overnatta på Lontjønnytta og her deltok me på felles grill med Fitjar og Solid.

Hovedløp og o-landsleir var i år på Stiklestad. Stian var einaste deltakar frå Stord men han klarte ein fin 10.plass på langdistansen. Neste år vert Hovedløpet arrangert i Larvik og me håpar fleire ungdommar vert med.

Bilete av Arne og Øystein på DM i august





Årsmelding 2014 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Turorientering

Storatraven vart avvikla for 43. gong, og Litlatraven 2.år, Karta i år var Landåsen/Stuve og Sjoalemyro nord for Storatraven og Landåsen/skjejpåsen og Lundarstøl i Litlatraven

Det vart seld 463 konvoluttar fordelt på Storatraven 278 stk og Litlatraven 185 stk.

Travane hadde totalt 90 postar, 30 stk i Litlatraven og 60 stk i Storatraven, ute i terrenget fra midten av mars til 31 august .

Tur-o på nett vart brukt aktivt for registrering av postkodar av 147 personer i 2014

Totalt 52 personar tok alle postane i Storatraven , 44 personar i Litlatraven.

Det var 26 personar som tok alle 90 postane!!

Butikkar som sel Tur-o konvoluttar er Sport1, G-sport, Esso og Intersport på Heiane.

Mange hadde registret seg i postkassane for månedens post og kvar trekte vinnar her fekk kr. 300,- i gavekort. Det var i år 28 stk som hadde vært på alle 5 månedens poster.

Vinnaren av desse vart i år Kjellaug Kråkenes Dale som fekk kr. 1000,-

Kart

Det har vore utført synfaring i område aust av Fjellstova av innleigd personell, Morten Berglia og Leif Roger Hultgren.

Åge Hovden har synfart i lia Fjellstova-Lundekollen-Kattnakkvegen-Rommetveitsætra i tilknytning til Distriktmeisterskapet.

Det er komplettert synfaring i nyhogde område ved Grov, Solhaug og gamle bosdungen.

Det er laga til ein nyoppdatert skulekart utgave for Langeland skule og Hystad skule.

Sveinung Rykkje har arbeida vidare med gatekart i området Leirvik - Kårevik.

Det er utgitt eit foreløpig gatekart for Leirvik område.

Han arbeidar vidare med å leggja om instruksjonskarta til sprintnormen.

Økonomi

Økonomien i gruppa er sunn og me har i 2014 eit overskot på kroner 373 179,-. Overskotet kan også i år knytast til grasrotandelen me har motteke i 2014. Grasrotandelen i 2014 var på 654 760,-. Ellers så er utgiftsposten "Materiell og utstyr" betydeleg høgare enn budsjettert, dette skuldast i hovedsak ekstra innkjøp av utstyr til Distriktmeisterskapet som også skal brukast ved seinare arrangement. Inne i denne posten ligg også innkjøp av hjartestarter. "Kart" posten er også noko høgare enn budsjettert, me fekk tilgang til gode synfarara og benytta oss av disse. Reiseutgiftene blei lavere enn budsjettert, me må reisa meir på løp. Elles er dei fleste postane på rekneskap i tråd med budsjett.

Sparebanken Vest har også dette året vore vår hovudsponsor. I tillegg har Auto-Industri dekkast mesteparten av annonsekostnadene våre i bladet Sunnhordland.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2014 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Sportslege resultat

Vestlandsmeisterskapet:

Marie Aasheim 4. plass i D60, Stian Rykkje og Øystein Stautland 2. og 3. plass i H13-14, Guro Skulstad og Annie Myhre, 1. og 3. plass i D/H13-16C

Vestlandsmeisterskapet stafett:

4. plass i H17, 3. plass i H13-16, 4. plass i D13-16, 4. plass i D/H11-12

KM stafett: 3. plass H13-16

KM lang: Linda Rykkje 3. plass D40, Stian Rykkje 3. plass H13-14, Jon Magne Bratseth 4. plass H50, Steinar Slettemark 3. plass H70, Magnus Aarbø og Kari Røgenes 1. og 2. plass i C-Open, Steinar Røgenes 1. plass i B-Open

KM Sprint: Stian Rykkje 2. plass i H13-15

KM Sprintstafett: 3. plass i D/H11-16 (Stian Rykkje og Øystein Stautland)

KM mellom: Linda Rykkje 3. plass D17, Stian Rykkje 2. plass H13-14, Kenneth Westerheim 5. plass H17, Guro Skulstad 2. plass C-Open

Norsk O-festival

Edel Slettemark 3. plass D65

Hovedløpet: Stian Rykkje 10. plass i H14

Blodslitet: Stian Rykkje 18. plass i H13-14

Henrik Ottesen
leiar



Stord Svømming

STYRETS ÅRSRAPPORT 2014



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

Styret

Symjegruppa har i 2014 hatt eit godt fungerande styre som har hatt fylgjande samansetjing;

Kjell Framnes	Formann
Egil Bergh	Nestleiar og ansvarleg for Kværnerbadinga
Øyvind Viste	styremedlem med ansvar for Økonomi
Leif Magne Malme	styremedlem og oppmann
Vanja Storetvedt	Styremedlem med ansvar for symjeaksjonen og symjeskulen
Adelheid Jensen	styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
Ronny Onarheim	Styremedlem med teknisk ansvar
Anna Teetzmann	Representant for utøvarane 1. halvår
Maren T. Malme	Representant for utøvarane 2. halvår
Anne H. Gjøsæther	Varamedlem

Hovudtrener Pål Helland har ansvar for det sportslige og rapporterer til formann. Han har deltatt på majoriteten av styremøta.

Det er gjennomført 8 styremøter gjennom året.

Det vart gjennomført eit foreldremøte i oktober der det vart orientert om aktivitetane og planane i symjegruppa. Her var det mange gode tilbakemeldingar, så dette er noko ein bør prøve å gjennomføre ein til to gonger pr. år.

Økonomi

Me har i år eit positivt driftsresultat etter avskrivingar på kr. 101 425,16

Hovudårsaka til eit betre resultat i forhold til 2013 er auka kursinntekter, stevneinntekter, eigenandel ved reiser og lågare utgifter til lønn og andre driftskostnader. Hovudinntektene er:

Salsinntekter	kr. 108 213,-
symjeopplæring	kr. 60 000,-
symjekurs	kr. 69 580,-
årskontingent	kr 97 708,-
eigenandel reiser	kr. 299 436,-
lotteri	kr. 69 690,-
stevner	kr. 120 615,-
kiosk	kr. 36 139,-

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



støtte LA-midler	kr. 31 265,-
MVA refusjon	kr. 62 718,-

Hovudutgiftene:

Utgifter til stevner	kr. 109 479,-
Bilgodtgjersle/reisekostnader	kr. 444 895,-
Leige lokale	kr. 94 065,-
Premier	kr. 10 358,-
Lønn	kr. 53 600,-
Trenings / idrettsmateriell	kr. 20 832,-

Kværner swim cup gav eit overskot på 133 881,- med bl.a sponsorinntekter på kr 65 400 og symjeopplæringa gav også nye inntekter til symjegruppa i 2014. Eit positivt resultat i 2014 med god styring av stevner og reiseutgifter. Det er eit potensiale for høgare sponsorinntekter i 2015.

Sjå vedlagte rekneskap

Svømmeaksjonen 2014

Det vart gjennomført «Svømmeaksjon» i Stord Kulturhus i uke 25.

Stord Svømming fekk tildelt 3 pakker a'15 deltakere.

Deltakarane var 30 barn frå to barnehager og 15 barn fra Heiane Mottak.

Hovudansvarleg for det faglige opplegget var hovudtrenar Pål Helland.

Sikkerhet for deltakerne var i høgsetet. Det var 12 instruktørar fordelt på dei tre gruppene. Det var også 2 til 3 hjelparar ved bassengkanten.

Aksjonen vart gjennomført på ein vellukka måte.



SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

Tryggivann 2014

Stord Svømming har i 2014 gjennomført to rundar med Tryggivann kurs etter NSF's mal.

Tryggivann kursa vart avholdt vår og haust i bassenget ved Nysæther Ungdomskule.

Kursa bestod av følgende grupper: Kval, Skilpadde, Pingvin og Selunge.

Antall deltakere vår var totalt 28 barn.

Antall deltakere haust var totalt 32 barn.

Maks deltakere pr. gruppe var 10 barn.

Sikkerhet for deltakarane var overordna fokus ved gjennomføring av kursa.

Me hadde 4 instruktørar pr gruppe. Det var også 1 til 2 voksne hjelpere ved bassengkanten for å overvåke at sikkerheten vart opprettholdt.

Etter endt kurs vart måloppnåelse pr. deltaker og evalueringsskjema utlevert til føresette.

Tilbakemeldingane var mange og gode. Forbedringer som kom fram gjekk på informasjon i forbindelse med påmelding og i forkant av kursstart. Dette vil bli forbedra i 2015.



Rapport frå Hovudtrenar

Stermnes 2014

Aproberte stemner

Julesprinten

Autocup 2014

Jr. NM

Nordsjøstevnet

BS-LK Åpent stevne

Kværner Swimcup

Araberswim

Haugesunds avis Open

Bergen Swim Festival

Stavanger Open

Sandnessprinten

AllMaritim Vintercup

LÅMØ 2014

Uaproberte stemner

Internstemne vår 2014

Sommaravslutning internstemne

Internstemne 12.10.14

Rekruttstemne Karmøy

Internstemne 21.12.14

Sportslege høgdepunkt

Sportslege høgdepunkt i året 2014:

Stord Svømming IL var representert under UM 2015 med Maren Thoresen Malme. 50m bryst med tida 36,23 og 34. plass.

Stord Svømming IL var representert under Jr. NM 2015 med Simon Aadland på 50m bryst med tida 32,35, 31. plass, og 100m bryst med tida 1.09.92, 20. plass. Adrian Etterlid Jensen symde 100m bryst på tida 1.11.26, 28. plass. Marte Gjøsæther symde 50m fri på tida 28,34, 34. plass.

Stord svømming IL var og representert med eit jentelag (4x50m fri) under Jr. NM. På laget var Marte Gjøsæther, Lene Gjøsæther, Sunniva Framnes og Alida Etterlid Jensen. Dei fekk ein 12. plass med tida 1.52.65.

Bergen Swim Festival, Stavanger Open og Nordsjøstemnet var dei viktigaste stemna utanom UM/Jr. NM i Nadderudhallen. I tillegg til desse var LÅMØ-Vest eit satsingsstemne.

Simon Teetzmann symde inn til beste tid på 50m fri i årsklasse 2002 med tida 28.74.

Symjarane i alle grupper har hatt fin framgong sportsleg med mange personlege rekordar (resultat frå stemna ligg som vedlegg til sist i rapporten).



Adrian Etterlid Jensen (t.v.), Ole Lothe Foseid, Anna Teetzmann og Simon Aadland var mellom symjarane frå Stord som viste fin framgang i Bergen Swim Festival i helga. Førstekommande helg går turen til Stavanger Open. Foto: Jarle Kaldråstøy

Fossa fram i Bergen

16 Stord-symjarar returnerte frå Bergen Swim festival med 28 personlege rekordar. Dei sikra seg også fire nye startar i Nordsjøstevnet til hausten.

SIL ÅRSRAPPORT 2014


SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



Sosiale medier og informasjon omkring trening og stemne

Hovudtrenar legg ut treningsprogram i facebook-gruppa «Treningsprogram Stord IL». Trenargruppa/styret har også nytta gruppa «Stord svømming» som informasjonskanal til symjarar, trenarar og føresette.

Me ser likevel behov for å nytta epost og heimesida meir i samband med informasjon til føresette. Marius Hope og Øyvind Løken har vore ressurspersonar på epost-kommunikasjon og heimesidepublisering.





SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

Trenarar i gruppa

Stord svømming IL er organisert i følgjande parti: Eliteparti, LÅMØ-gruppa, Mellomparti, Minsteparti 1, 2 og 3. Dei har hatt følgjande trenarar:

Måndag:

Mellom: Joao Loureiro
LÅMØ: Connie Bloch
Elite: Geir Inge Rimmereide

Tysdag:

Minste 1: Christel Hollund
LÅMØ: Kenneth Hystad
Elite: Jan Kåre Fjeldstad

Onsdag:

Minste 2: Øyvind Løken
Mellom: Ronny Onarheim
LÅMØ: Connie Bloch
Elite: Pål Helland

Torsdag:

Minste 3: Øyvind Løken
Minste 4: Johanne Thoresen Malme / (Halvor Landmark)
LÅMØ: Connie Bloch
Elite: Pål Helland

Fredag:

Mellom: Frode Hammer
LÅMØ: Connie Bloch
Elite: Geir Inge Rimmereide

Laurdag:

LÅMØ: Connie Bloch
Elite: Eigentrening

Søndag

LÅMØ: Connie Bloch
Elite: Pål Helland

SIL ÅRSRAPPORT 2014

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



Banefordeling i Kulturhuset

Måndag	17-18	18-19
B1	mellom	mellom
B2	mellom	mellom
